# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune |
| **Møtestad:** | Fjell rådhus, kultursalen |
| **Dato:** | 09.10.2019 |
| **Tid:** | 09:00 – 12:00 |

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj i foajeen ved kultursalen, ca. kl.12.00.

Straume, den 02.10.2019.

Marianne Sandahl Bjorøy (s)
Leiar

**SAKSLISTE**

| Saksnr | Innhald |
|---|---|
| PS 53/19 | Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok |
| PS 54/19 | Referatsaker og orienteringar |
| PS 55/19 | Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda |
| PS 56/19 | Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - brukarnære tenester, innbyggjartorg og forslag til tenester som kan sentraliserast |
| PS 57/19 | Øygarden Bustadutvikling KF - innspel frå interimstyret til endring av vedtektene |
| PS 58/19 | Forslag til endring av programkomité til styringsgruppe for opningsarrangementet Øygarden 2020 |
| PS 59/19 | Folkevaldopplæring - framlegg til program for nytt kommunestyre |
| PS 60/19 | Lovlegkontroll av vedtak - Fellesnemnda 16.09.2019, sak 47/19 Revidert anbodsprosess for forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune |
| PS 61/19 | Val av leverandør for forsikra pensjonsløysing Nye Øygarden kommune – u.off. |

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Arkiv: 022
Saksmappe: 2019/795-31096/2019
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 02.10.2019

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 53/19 | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 09.10.2019 |

# Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Arkiv: | 022 |
| Saksmappe: | 2019/796-31097/2019 |
| Sakshandsamar: | Unni Rygg |
| Dato: | 02.10.2019 |

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 54/19 | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 09.10.2019 |

# Referatsaker og orienteringar

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-31098/2019
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 02.10.2019

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 55/19 | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 09.10.2019 |

## Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Arkiv: 012
Saksmappe: 2019/356-30557/2019
Sakshandsamar: Eli Janette Fosso
Dato: 02.10.2019

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 14/19 | Partssamansett utval Nye Øygarden kommune | 07.10.2019 |
| 56/19 | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 09.10.2019 |

## Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune – prinsipp for innbyggjartorg, brukarnære tenester og tenester som kan sentraliserast.

**Samandrag av saka:**


**Saka byggjer på drøfting i partssamansett utval 04.06.2019 (sak 10/19) og i fellesnemnda 17.06.2019 (sak 31/19): «Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune».**

**I sak 31/19 gjorde fellesnemnda følgjande vedtak:**

**a) For å sikre god politisk forankring av lokaliseringa skal det leggjast fram ei eiga sak til fellesnemnda, for vedtak, som inneheld punkta skildra som steg to i saka.**
**b) Det er avgjerande at forslag om lokalisering blir knytt opp mot nærtenesteprinsippet.**
**c) Fellesnemnda ber også om at det i den vidare prosessen kjem fram korleis lokalisering kan frigjere ressursar gjennom effektivisering og reduserte kostnader.**
**d) Fokus på brukarane skal alltid telje høgt ved vurdering av lokalisering.**

**Prosjektrådmannen ser dette saksframlegget som *første steg* mot endeleg lokaliseringsvedtak 30. oktober. Det er difor lagt vekt på å sortere ut plassering av tenester som kan avklarast no, samt å løfta fram nokre retningsgjevande prinsipp som kan leggjast til grunn for prosessarbeidet fram mot endeleg lokaliseringsvedtak.**

**Det er semje om at kommunane sine eigde bygningsmassar skal takast i bruk i Nye Øygarden kommune. Dette betyr at endeleg vedtak om plassering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar, må byggja på ulike modellar og prinsipp. For å kunna henta ut effektivitets- og kostnadsgevinstar, meiner prosjektrådmannen det vil vera viktig å leggja til rette for større og samlokaliserte fagmiljø (samlokaliseringsmodellen). Det er likevel openbart at ikkje alle fagmiljø og tenester skal plasserast på Straume. For å ta bygningar i bruk, vil ei form for funksjonsdeling vera nødvendig, dvs. at fag og oppgåver som naturleg høyrer saman vert plassert i ein bygning/stad (og andre vert plassert i andre bygningar/stader).**

**Fram mot endeleg lokaliseringsvedtak, vil det bli gjort grundige vurderingar av kva for funksjonar og tenester som naturleg høyrer til og skal lokaliserast i kommunesenteret/Straume. Pr. dato er det klart at politisk leiing og øvste administrative leiing skal lokaliserast på rådhuset. Eventuell plassering av andre**

**funksjonar, einingar, stab og tenester må vurderast i heilskap, mot moglege effektivitetsgevinstar, robuste fagmiljø, behov for samhandling, tilgjengelege kontorplassar/bygningar. Det skal også gjennomførast gode dialogmøter med overordna styringsgruppe og tillitsvalte.**

**Mange brukarnære tenester innan t.d. Oppvekst og Helse og velferd i Nye Øygarden kommune, er organisert og vil verta drifta som brukarnære tilbod i soner (sone Nord, Sør og Straume). Med utgangspunkt i nærtenesteprinsippet og definerte kommunedelsenter, legg prosjektrådmannen til grunn at sone Nord nyttar Rong som base/administrativt senter, og at sone Sør nyttar Skogsvåg. Straume er eigen sone.**

**Det skal også etablerast innbyggjartorg. Prosjektrådmannen foreslår at innbyggjartorga vert lokalisert i eigna lokale saman med bibliotektenesta på Rong og Skogsvåg. Det same vil gjelda for Straume.**

**All tenester som har karakter av publikumskontakt, skal vera tilgjengeleg i innbyggjartorga. Innbyggjarane skal oppleva «ei dør inn» for informasjon, råd, rettleiing, opplæring, booking av møter osv. til alle tenesteområda i Nye Øygarden kommune.**

**Innstilling:**

1. PSU/Fellesnemnda sluttar seg til prosjektrådmannen sitt forslag om at det skal etablerast innbyggjartorg sentralt på Rong, Skogsvåg og Straume.
    a. Det vert lagt til grunn at innbyggjartorga skal lokaliserast saman med bibliotektenesta i eigna lokale.
    b. Alle tenester som har karakter av publikumskontakt, skal vera tilgjengeleg i innbyggjartorga. Innbyggjarane skal oppleva «ei dør inn» for informasjon, råd, rettleiing, opplæring, booking av møter osb. til alle relevante tenesteområder i Nye Øygarden kommune.

2. PSU/fellesnemnda sluttar seg til at kommunane sin eigde bygningsmasse skal takast i bruk. For å oppnå samhandlings-, effektivitets- og kostnadsgevinstar vil prosjektrådmannen tilrå:
    a. samlokalisering av større fagmiljø
    b. at oppgåver som naturleg høyrer saman bør samlast i ein bygning/stad. Andre fagmiljø kan verta plassert i andre bygningar/stader (funksjonsdeling).

3. PSU/fellesnemnda sluttar seg til at funksjonar og tenester som naturleg ligg til rolla som kommunesenter, skal plasserast på Straume. Prosjektrådmannen legg til grunn at
    a. øvste politiske og administrative leiing er styringsfunksjonar som skal lokaliserast i rådhuset.
    b. eventuelle plassering av øvrige funksjonar, stab og einingar i rådhus/kommunesenteret, må vurderast i heilskap, vegast mot moglege effektiviseringsgevinstar, robuste fagmiljø, behov for samhandling og tilgjengelege kontorplassar/bygningar.

*4.* PSU/fellesnemnda sluttar seg til hovudprinsippet om at tenenester som er organisert, drifta og tilbydd brukarane i soner i Nye Øygarden kommune, *nyttar kommunedelsentra Skogsvåg (sone Sør) og Rong (sone Nord)* som base/administrasjonssenter. Straume er eigen sone. Av effektiviserings- og kostnadsomsyn, kan avvik frå hovudprinsippet måtta førekoma.

Straume, den 02.10.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

**Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 07.10.2019:**

Varamedlem Jørgen Kausland informerte om vurdering frå kommuneadvokaten knytt til gildskap, og bad deretter partssamansett utval vurdere om han er gild til å vere med og behandle saka i partssamansett utval grunna rolla hans som delprosjektleiar og innspel i prosessen med lokalisering. Partssamansett utval vart samde om at Kausland er gild i møtet i partssamansett utval.

Saka vart deretter drøfta grundig med fokus på sonelokalisering i tråd med nærteneste-prinsippet og intensjonsavtala, sett opp mot unntaksinnspel frå hovudprosjekt. Prosjektrådmannen var tydeleg på at denne saka er fyrste steg mot endeleg lokaliseringsvedtak og at leiargruppa vil vurdere ulike omsyn i intensjonsavtala før val av lokaliseringsløysing.

Møtet vart deretter heva, og dei hovudtillitsvalde v/ Nina Zandstra utarbeidde innspel til saka på vegne av alle tillitsvalde i partssamansett utval. Partssamansett utval vart samde om at skrivet skal følgje saka vidare til fellesnemnda som **nytt** vedlegg.

Innstillinga vart deretter røysta over og samrøystes tilrådd frå partssamansett utval til fellesnemnda, saman med nytt vedlegg frå dei hovudtillitsvalde.

**Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 07.10.2019:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til prosjektrådmannen sitt forslag om at det skal etablerast innbyggjartorg sentralt på Rong, Skogsvåg og Straume.
    a. Det vert lagt til grunn at innbyggjartorga skal lokaliserast saman med bibliotektenesta i eigna lokale.
    b. Alle tenester som har karakter av publikumskontakt, skal vera tilgjengeleg i innbyggjartorga. Innbyggjarane skal oppleva «ei dør inn» for informasjon, råd, rettleiing, opplæring, booking av møter osb. til alle relevante tenesteområder i Nye Øygarden kommune.

2. Fellesnemnda sluttar seg til at kommunane sin eigde bygningsmasse skal takast i bruk. For å oppnå samhandlings-, effektivitets- og kostnadsgevinstar vil prosjektrådmannen tilrå:
    a. samlokalisering av større fagmiljø
    b. at oppgåver som naturleg høyrer saman bør samlast i ein bygning/stad. Andre fagmiljø kan verta plassert i andre bygningar/stader (funksjonsdeling).

3. Fellesnemnda sluttar seg til at funksjonar og tenester som naturleg ligg til rolla som kommunesenter, skal plasserast på Straume. Prosjektrådmannen legg til grunn at
    a. øvste politiske og administrative leiing er styringsfunksjonar som skal lokaliserast i rådhuset.
    b. eventuelle plassering av øvrige funksjonar, stab og einingar i rådhus/kommunesenteret, må vurderast i heilskap, vegast mot moglege effektiviseringsgevinstar, robuste fagmiljø, behov for samhandling og tilgjengelege kontorplassar/bygningar.

4. Fellesnemnda sluttar seg til hovudprinsippet om at tenenester som er organisert, drifta og tilbydd brukarane i soner i Nye Øygarden kommune, *nyttar kommunedelsentra Skogsvåg (sone Sør) og Rong (sone Nord)* som base/administrasjonssenter. Straume er eigen sone. Av effektiviserings- og kostnadsomsyn, kan avvik frå hovudprinsippet måtta førekoma.

**Dokument vedlagt saka:**

1. Lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune. Oppsummeringsrapport steg 1: einingar og tilsette som ikkje vert berørt av lokaliseringsendringar.
2. Lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune. Oppsummeringsrapport steg 2: Forslag til tenester i lokale innbyggjartorg, brukarnære tenester og tenester som kan sentraliserast.

**Saksopplysningar:**

Saka byggjer på drøfting i partssamansett utval 04.06.2019 (sak 10/19) og i fellesnemnda 17.06.2019 (sak 31/19): «Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune». I sak 31/19 gjorde fellesnemnda følgjande vedtak:

a) For å sikre god politisk forankring av lokaliseringa skal det leggjast fram ei eiga sak til fellesnemnda, for vedtak, som inneheld punkta skildra som steg to i saka.
b) Det er avgjerande at forslag om lokalisering blir knytt opp mot nærtenesteprinsippet.
c) Fellesnemnda ber også om at det i den vidare prosessen kjem fram korleis lokalisering kan frigjere ressursar gjennom effektivisering og reduserte kostnader.
d) Fokus på brukarane skal alltid telje høgt ved vurdering av lokalisering.

Prosjektrådmannen ser det som viktig saksopplysing at avklaringsprosessen knytt til lokalisering skjer i tre steg:

1. Steg 1 vart avslutta 13.09.2019, og tok utgangspunkt i Nye Øygarden kommune sin intensjonsavtale. Der går det bl.a. fram at gjeldande skule- og barnehagestruktur skal vidareførast. Det same gjeld hovudstrukturen innan Helse og velferd, så som sjukeheimsplassar, omsorgsbustadar, bu- og servicesenter, legevakt (i kommunesenteret) og legetenester (i kommunedelsentra).

I steg 1 vart einingar som høyrer til dei nemnte tenesteområda identifisert, og alle einingar m/tilsette er pr. dato informert om at dei *ikkje vert berørt av lokaliseringsendringar*. Vedlagt rapport gir informasjon om mandat, prosess og kva for einingar som har fått melding om at dei er uberørte (vedlegg 1, rapport steg 1).

2. Steg 2 i prosessen er nyleg avslutta (25.09.19). Dvs. at dei fem hovudprosjekta/ kommunalsjefområda har arbeidd fram *forslag til* a) tenester som bør vera sikra i lokale innbyggjartorg (jf. intensjonsavtalen), b) andre tenester som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering (jf. at brukarar kan vera både tilsette og innbyggjarar), c) tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg eller Rong (jf. intensjonsavtalen), d) kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre, og e) om det finst faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å

behalda/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar. Vedlagt rapport sumerar opp hovudprosjekta sine innspel (vedlegg 2, rapport steg 2).

3. Steg 3, *endeleg lokaliseringsvedtak, skjer først 30. oktober.* Vedtaksmynde er lagt til prosjektrådmannen (jf. sak 10/19 og 31/19), men saka slik den her vert lagt fram, handlar om forankring av dei hovudprinsippa som prosjektrådmannen meiner bør gjelde for vedtaksprosessen.

Det skal gjennomførast to drøftingmøter (14.10 og 25.10) med overordna styringsgruppe òg hovudtillitsvalte, før prosjektrådmannen gjer endeleg vedtak.

**Vurdering:**

Prosjektrådmannen ser denne saka som *første steg* mot endeleg lokaliseringsvedtak 30. oktober. Det er difor lagt vekt på å sortere ut plassering av tenester som kan *avklarast no*, samt å løfta fram nokre *retningsgjevande prinsipp* som kan leggjast til grunn for prosess og vedtak.

*Ulike lokaliseringsmodellar i ein kommunesamanslåingsprosess*
KS viser til tre modellar som kan leggjast til grunn for lokalisering av administrasjon og tenester, i ein kommunesamanslåingsprosess; desentraliseringsmodellen, samlokaliseringsmodellen og funksjonsdelingsmodellen.

*Desentralisering* inneber at alle dei administrative tenestene vert ført vidare på same lokasjon som i dag. Fordelane med å velje ein slik modell er at både kommunesenteret og kommune-delsentra vil kunna tilby eit breitt spekter av funksjonar/tenester nær brukarane. Modellen vil såleis samsvara med intensjonsavtalen og fellesnemnda sitt vedtak i sak 31/19, pkt. b) «Det er avgjerande at forslag om lokalisering blir knytt opp mot nærtenesteprinsippet, samt pkt. d) «Fokus på brukarane skal alltid telje høgt ved vurdering av lokalisering». *Men* desentraliseringsmodellen, slik prosjektrådmannen vurderer den, vil delvis vera i strid med målsettinga om at storkommunen skal gi større effektivitet, redusert sårbarheit og reduserte kostnadar (jf. sak 31/19, fellesnemnda sitt vedtak pkt. c). Effektivitets- og kostnadsgevinstar kan best hentast gjennom samlokaliserte og større fagmiljø.

*Samlokaliseringsmodellen* inneber at dei fleste administrative tenestane vert lokalisert éin stad, men ikkje nødvendigvis i same bygning. Samlokalisering gir stordriftsfordelar og fremmar nødvendig samhandling på tvers av organisasjonen sine sektorar og fag. Denne modellen vil såleis vera best egna til å frigjera ressursar, auka effektiviteten og redusere kostnadane i Nye Øygarden kommune.

Ulempa med samlokaliseringsmodellen er at den kan skapa større geografisk avstand mellom tenestar og innbyggjarane. *Men desentraliserte innbyggjartorg og nye digitale løysingar vil kunna kompensera for slike ulemper.*

I sak 10/19 og 31/19 er det etablert semje om at kommunane sin eigde bygningsmasse skal takast i bruk i Nye Øygarden kommune. Dette betyr at samlokaliseringsmodellen ikkje kan reindyrkast, men må kombinerast med ein *funksjonsdelingsmodell.*

Funksjonsdelingsmodellen legg også vekt på å *samla oppgåver som naturleg høyrer* saman i eitt miljø og på ein stad. Andre fagmiljø som naturleg høyrer saman, kan plasserast i andre bygningar/lokalitetar. For å nytta tilgjengeleg bygningsmasse, *må* funksjonsdelingsmodellen brukast. Ulempa er at *brukartilgangen*, både for tilsette og innbyggjarane, kan opplevast som fragmentert og geografisk spreidd.

I vedlagt rapport frå steg 2 og oversikta i tabell 1, vil ein sjå at hovudprosjekta *ønskjer* at samhandlande fagmiljø, internt og på tvers av kommunalsjefområda, vert lokalisert fysisk nær kvarande, òg i Straume-området. Det må understrekast at dette handlar om *forslag* frå kommunalsjefområda, og *ikkje* prosjektrådmannen si samla vurdering. Den vil først vera klar 30. oktober.

Tabell 1. ***Forslag*** frå kommunalsjefområda til lokalisering av administrasjon og tenester:

| | **Råd-huset** | **Straume Kommune-senter** | **Skogsvåg Kommune-delsenter** | **Rong Kommune-delsenter** | **Ågotnes** | **Desentra-liserte tilbod** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk leiing | x | x | | | | |
| Rådmann og kommunalsjefar | x | x | | | | |
| "Free seating"-arbeidsplassar | x | x | x | x | | |
| **Kultur og samfunn** | | | | | | |
| Bibliotek | | x | x | x | | |
| Skulebibliotek på skulane | | | | | | x |
| Kulturskulen | | x | | | | x |
| Adm. reinhald og vaktmestertenester. Oppmøte i soner | | x | x | x | | x |
| Ungdomsklubbar desentralisert | | x | | x | x | x |
| Plan, geodata og oppmåling | | x | | | | |
| Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning | | x | | | | |
| Eigedomsforvaltni ng, drift, vedlikehald og samferdsle | | x | | | | |
| Kultur administrasjon | | x | | | | |
| Tenester i innbyggjartorg | | x | x | x | | |
| **Økonomi** | | | | | | |
| Stabseining innkjøp/investering | | x | | | | |
| Kemner | | x | | | | |
| Økonomistyring | | x | | | | |
| Tenester i innbyggjartorg | | x | x | x | | |
| **Organisasjon og digitalisering** | | | | | | |
| Innbyggjartorg | | x | x | x | | |
| Tilsettservice | | x | | | | |
| Politisk service | x | x | | | | |
| Utvikling | | x | | | | |
| Tryggleik m/beredskapsrom | x | x | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommuneadvokat | | x | | | | |
| Service | | x | | | | |
| Drift | | x | | | | |
| Arkiv /dokumentsenter | | x | | x | | |
| Personal | | x | | | | |
| Tillitsvalte | x | | | | | |
| **Oppvekst** | | | | | | |
| Barnehagar | | | | | | x |
| Skular | | | | | | x |
| Vaksenopplæringa | | x | | | | |
| | **Råd-huset** | **Straume Kommune-senter** | **Skogsvåg Kommune-delsenter** | **Rong Kommune-delsenter** | **Ågotnes** | **Desentra-liserte tilbod** |
| BUFT (Barne-unge og familietenester) - Helsestasjonar. Adm. på Straume | | x | x | x | x | |
| BUFT - Skulehelsetenester/ på skular | | | | | | x |
| BUFT- Helsestasjon for flyktningar | | x | | | | |
| BUFT- Helsestasjon ungdom | | x | | | | |
| Barnevern | | x | | | | |
| PPT | | x | | | | |
| Assisterande kommunalsjefar - kontor oppveksthuset | | x | | | | |
| Tenester i innbyggjartorg | | x | x | x | | |
| **Helse og velferd** | | | | | | |
| Heimetenesta i soner | | x | x | | **x sone nord** | |
| Menneske med nedsett funksjonsevne, tilbod i soner | | x | x | x | | |
| Rus og psykisk helse, tilbod i soner | | x | x | x | | |
| Sjukeheimar/LMS | | | | | | x |
| Omsorgsbustader | | | | | | x |
| NAV | | x | | | | |
| Flyktningetenesta | | x | | | | |
| Helse friskliv og meistring | | x | x | x | | x |
| Legevakt | | x | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Legeteneste | | x | x | x | x | |
| Koordinerings-senteret | | x | | | | x |
| Tenester i innbyggjartorg | | x | x | x | | |

*Kva betyr det å vera eit kommunesenter?*
Straume skal vera Nye Øygarden sitt *kommunesenter*, med Rong og Skogsvåg som *kommunedelsenter.* Intensjonsavtalen seier også at heile kommunen skal takast i bruk, med levande *lokalsamfunn* og eit mangfaldig kommunesenter.

Som *kommunesenter* skal Straume vera «senter for politisk styring og administrasjon». Fram mot 30. oktober ser difor prosjektrådmannen det som ei viktig oppgåve, å peika ut *dei funksjonane* som *må/bør* plasserast på rådhuset og/eller i andre tilgjengeleg bygg på Straume. Pr. dato er det klart at *øvste politiske og administrative leiing* er styringsfunksjonar som naturleg skal lokaliserast på rådhuset. Eventuell plassering av øvrige funksjonar, stab og einingar i kommunesenteret, må nødvendigvis vurderast i heilskap, mot moglege kostnads- og effektivitetsgevinstar, behov for robuste fagmiljø, samhandling og tilgjengelege kontorplassar/bygningar. Det skal også gjennomførast gode dialogar i overordna styringsgruppe og med tillitsvalte (jf. vedteken prosess i steg 3).

Figur 1, vil kunna fungera som reiskap i det vidare prosess-/vedtaksarbeidet.




Figur 1. Reiskap for plassering/lokalisering av funksjonar/tenester i Nye Øygarden (Kjelde KS).

*Kommunedelsentra og lokale innbyggartorg*
Intensjonsavtalen òg prosjektrådmannen legg til grunn at det skal etablerast brukarretta innbyggjartorg i kommunedelsentra (figur 1). Prosjektrådmannen tilrår at desse vert lokalisert i eigna lokale saman med bibliotektenesta på Rong, Skogsvåg. Det same vil gjelde for Straume.

Pr. dato er det for tideleg, og det vil heller ikkje vera hensiktsmessig, å gje ei uttømande liste med funksjonar og tenester som skal leggjast til innbyggjartorga. Men som retningsgjevande prinsipp meiner prosjektrådmannen at *alle tenester som har karakter av publikumskontakt*, skal vera tilgjengeleg i innbyggjartorga. Uavhengig av fag, vil då innbyggjarane kunna oppleva «ei dør inn» for informasjon, råd, rettleiing, opplæring, booking av møter osb.

Rettleiing og råd, knytt til alle relevante tenester i alle kommunalsjefområda, skal vera tilgjengeleg for publikum i innbyggjartorga.

Fleire av tenesteområda i Nye Øygarden er organisert og vil verta drifta som brukarnære tenester i soner (sone Nord, Sør og Straume). Dette gjeld bl.a. tenester innan Oppvekst, Helse og velferd. Også reinhald og vaktmestertenester er organisert i, og vil verta leia/drifta frå/i soner.

Med utgangspunkt i nærtenesteprinsippet og definerte kommunedelsenter legg prosjektrådmannen til grunn at nemnte tenester skal oppretthaldast i kvar sone, samt at sone *Nord nyttar Rong* som base/administrativt senter og at sone *Sør vert lokalisert i Skogsvåg*.

I vedlagt rapport og i tabell 1, vil ein sjå at hovudprosjekta/kommunalsjefområda med få unntak, knyter sonelokaliseringa til kommunedelsentra. Det finst unntaka, t.d. *forslag* om å lokalisera heimetenesta i sone Nord på Ågotnes. I den vidare avklaringsprosessen, vil sannsynlegvis andre unntak visa seg. For å kunna velja dei beste lokaliseringsløysingane for *brukarane,* vil det for prosjektrådmannen vera viktig å kunna vega ulike omsyn frå Nye Øygarden sin intensjonsavtale mot kvarande.

*Brukarperspektivet*
Brukarperspektivet vil stå sentralt i arbeidet med å byggja Nye Øygarden. Eit døme kan vera «Oppveksthuset». Oppveksthuset kan verta ei nyvinning, der ein fysisk samlokaliserar tenester frå PPT (pedagogisk psykologisk teneste), barnevern, BUFT (barne-, ungdom- og familietenester), AFT (anna førebyggjande arbeid) og helsestasjonen. Prosjektrådmannen har ikkje teke stilling til lokalisering av eit slikt brukartilbod, men ønskjer å eksemplifisera korleis brukarperspektivet kan gje grunnlag for samordning av ressursar, innovasjon og «ei dør inn» for brukarane.

*Stadbundne tenester og nærtenesteprinsippet*
Intensjonsavtalen legg til grunn at gjeldane barnehage- og skulestruktur skal vidareførast. Det same gjeld namngitte tenester innan Helse og velferd (jf. figur 1 og nærtenesteprinsippet). Prosjektrådmannen meiner at desse intensjonane er godt ivareteke gjennom steg 1 i lokaliseringsarbeidet (vedlagt rapport frå steg 1). I tillegg vil plassering av innbyggjartorg og tilbod om velferdstenester i soner, sikra at innbyggjarane får brukarnære tilbod i Nye Øygarden kommune.

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

**Rapport steg 1:**

**Einingar som ikkje vert berørt av lokaliseringsendringar i Nye Øygarden kommune.**

**Endeleg dokument etter drøftingsmøte med hovudtillitsvalte og overordna styringsgruppe for Nye Øygarden kommune 11.09.2019.**




nyeoygardenkommune.no

1. Rammer, prosess og mandat ... 3

2. Deltakarar ... 3

2.1. I hovudprosjekt Helse og velferd har følgjande personar delteke i arbeidet: ... 3

2.2. I hovudprosjekt Oppvekst har følgjande personar delteke i arbeidet: ... 4

2.3. I hovudprosjekt Kultur og samfunn har følgjande personar delteke i arbeidet: ... 4

2.4. I hovudprosjekt Økonomi har følgjande personar delteke i arbeidet: ... 5

2.5. I hovudprosjekt Organisasjon og digitalisering har følgjande personar delteke i arbeidet: ... 5

3. Einingar m/tilsette i kvart kommunalsjefområde som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. ... 5

3.1. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Helse og velferd som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. ... 5

3.2. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Oppvekst som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. ... 7

3.3. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Kultur og samfunn som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. ... 8

3.4. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Økonomi som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. ... 8

3.5. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Organisasjon og digitalisering som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar. ... 8

4. Andre einingar og tilsette som «naturleg» ikkje vil få endra lokalisering/arbeidsstad i Nye Øygarden kommune. ... 9

4.1. Andre identifiserte einingar og tilsette. ... 9

5. Samla oversikt over einingar og tilsette som skal vera gjenstand for drøftingar 11. september. .. 9

6. Komplett liste av einingar og tilsette (etter drøftingsmøtet) som ikkje vert berørt av lokaliseringsendring og dermed skal varslast ... 11

7. Melding til ikkje berørte einingar og tilsette. ... 12

# 1. Rammer, prosess og mandat

Avklaringsprosessen knytt til lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune skal gjennomførast i 3 steg. Steg 1, med frist 13**. september 2019**, har vore delegert til dei fem hovudprosjekta/kommunalsjefområda. Arbeidet har bestått i:

1) *å identifisera og utarbeide* ***ei samla oversikt*** *over* ***dei einingane*** *i kvart kommunalsjefområde som* ***ikkje*** *vert involvert av lokaliseringsendringar. Der kor tilsette, men ikkje heile eininga er uberørt, må identifiseringa skje på individnivå m/namn.*

«Ikkje involverte einingar» er delvis bestemt i intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune. Det er bl.a. lagt til grunn at *gjeldande hovudstruktur* innan barnehage- og skulesektoren skal vidareførast. Det same gjeld omsorgstenestar som sjukeheimsplassar, omsorgsbustadar og bu- og servicesenter. Det er også vedteke at legevakta skal lokaliserast på Straume, og at legetenesta skal oppretthaldast i kommunedelsentera.

Dei fem hovudprosjekta/kommunalsjefområda har også:

2) *gjennomført ei vurdering og kartlegging av om det finst* ***andre*** *einingar, tenestar òg* ***tilsette*** *innan t.d. stab, drift, vedlikehald, reinhald, transport etc. som naturleg* ***ikkje*** *får endra fast arbeidsstad i Nye Øygarden kommune.*

I samsvar med Omstillingsavtalen, Arbeidsmiljølova (Aml), Hovudavtalen (HA) og Hovudtariffavtalen(HTA), har tilsette sine representantar delteke i arbeidet.

Denne rapporten gir ei samla oversikta over dei einingane og eventuelt «enkelttilsette» som hovudprosjekta meiner ikkje vil vert involvert av lokaliseringsendringar.

Identifiserte einingar skal vera gjenstand for *eigne drøftingar* med arbeidstakarorganisasjonane sine 12 valte representantar og overordna styringsgruppe for Nye Øygarden kommune.

Prosessen knytt til **steg 1 skal vera avslutta 13. september**. Einingar og tilsette som ikkje vert berørt vil då verta varsla.

# 2. Deltakarar

Jf. styringsdokumentet «Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune», er oppdraget delegert til hovudprosjekta v/kommunalsjefane der *tilsette sine fagorganisasjonar og verneombod har vore representert*.

## 2.1. I hovudprosjekt Helse og velferd har følgjande personar delteke i arbeidet:

| Namn: | Funksjon: | Kommune: |
|---|---|---|
| Line Barmen | Kommunalsjef | NØK/ Fjell |
| Tove Helleland | Ass. Kommunalsjef / kommunalsjef | NØK/Fjell |
| Monica Pedersen | Einingsleiar | NØK/Fjell |
| Liv Møen | Einingsleiar | NØK/Fjell |
| Stein Inge Stigen | Einingsleiar | NØK/Fjell |

| | | |
|---|---|---|
| Janne Mo | Rådgjevar | NØK/Fjell |
| Monica Landro | Einingsleiar/kommunalsjef | NØK/ Sund |
| Marita Hilleren | Ass. Kommunalsjef / kommunalsjef | NØK/Sund |
| Britt Jorun Landro | Einingsleiar | NØK/Øygarden |
| Kristin Straume | Einingsleiar | NØK/Øygarden |
| Trude Villanger | HVO | Fjell |
| May Britt Hansen | HTV | Sund |
| Bente Ormevik | HTV | Fjell |
| Jana W | HTV | Fjell |
| Line Markhus | Prosjektstøtte | NØK |

## 2.2. I hovudprosjekt Oppvekst har følgjande personar delteke i arbeidet:

| Namn: | Funksjon: | Kommune: |
|---|---|---|
| Anne- Merete Vabø haugane | Kommunalsjef | Fjell |
| Jon Erik Egeland | Ass. kommunalsjef | Sund |
| Anna N. Nes | Ass. kommunalsjef | Øygarden |
| Rune Golf | Rektor | Fjell |
| Berit Algrøy | Helse | Fjell |
| Cathrine Olsen | Tillitsvald | Sund |
| Bodil Aleksandersen | --«-- | Fjell |
| Vibecke Hodnekvam | --«-- | Øygarden |
| Else Glesnes | verneombod | Sund |
| Anne Britt Fanekrog | Prosjektstøtte | Sund |

## 2.3. I hovudprosjekt Kultur og samfunn har følgjande personar delteke i arbeidet:

| Namn: | Funksjon: | Kommune: |
|---|---|---|
| Råmund Skjold | Kommunalsjef kultur og samfunn | Øygarden |
| Rune Landro | Ass kommunalsjef kultur og samfunn | Øygarden |
| Hanna Gjesdal | Einingsleiar Plan, geodata og oppmåling | Fjell |
| Ruth Paulsen | Einingsleiar Reinhald | Fjell |
| Christel Møvik Olsen | Einingsleiar Kultur | Øygarden |
| Knut Eivind Nygård | Einingsleiar Drift og vedlikehald | Sund |
| Ole-Karsten Midtgård | Prosjektleiar Byggesak, tilsyn og miljø | Sund |
| Jarle Kåre Oen | Støttefunksjon | Øygarden |
| Nils Arthur Amundsen | Hovudverneombod | Øygarden |
| May Britt Hansen | HTV Delta | Sund |
| Bodil Aleksandersen | HTV Fagforbundet | Fjell |

| | | |
|---|---|---|
| Mona Rabben | Verneombod | Sund |

## 2.4. I hovudprosjekt Økonomi har følgjande personar delteke i arbeidet:

| Namn: | Funksjon: | Kommune: |
|---|---|---|
| Anne Erdal | Kommunalsjef Økonomi | Nye Øygarden kommune |
| Marius Sylta | Einingsleiar Innkjøp og investering | Nye Øygarden kommune, Fjell |
| Svend-Fredrik Untiedt | Einingsleiar Økonomistyring | Nye Øygarden kommune, Fjell kommune |
| Sissel Ekerhovd | Einingsleiar Kemneren | Nye Øygarden kommune, interkommunal |
| Knut Ove Ekren | Einingsleiar Økonomi | Sund Kommune |
| Egil Robert Johansen | Fagleiar Økonomi | Øygarden kommune |
| Rikard Kvaal | HTV Delta | Fjell |
| Lisbeth Selstø | HTV Akademikerne | Fjell |
| Hildegunn Høyland | HTV fagforbundet | Sund |
| Line Markhus | Prosjektstøtte | Nye Øygarden kommune |

## 2.5. I hovudprosjekt Organisasjon og digitalisering har følgjande personar delteke i arbeidet:

| Namn: | Funksjon: | Kommune: |
|---|---|---|
| Sissel Nesse | Kommunalsjef | Nye Øygarden |
| Kaja Pedersen | Personalleiar | Sund kommune |
| Helene Cecilie Møgster | Personalleiar | Øygarden kommune |
| Kjell Fyllingen | Leiar ikt | Fjell kommune |
| Hildegunn Høyland | HTV fagforbundet | Sund kommune |
| Rikard Kvaal | HTV Delta | Fjell kommune |
| Lillian Torsvik | Leiar servicetorget | Fjell kommune |
| June Johannesen | Leiar bustadkontoret | Fjell kommune |
| Lennart Fjell | Kultursjef | Fjell kommune |
| Kristin Sekkingstad | Prosjektstøtte | Sund kommune |

# 3. Einingar m/tilsette i kvart kommunalsjefområde som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar.

Her følgjer ei samla oversikt over *einingar* som i høve t.d. intensjonsavtalen ikkje vil vert berørt av lokaliseringsendringar. *Dersom enkelttilsette, og ikkje heile einingar er definert som uberørt, er namn på tilsette nemnt spesifikt.*

## 3.1. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Helse og velferd som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar.

| Eining: | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevan, skriv namn på tilsette |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Fjell sjukeheim** | **Fjell sjukeheim** | Fjell, Straume | |
| **Straume bu og servicesenter** | **Straume bu og servicesenter** | Fjell, Straume | |
| **Øygarden Lokalmedisinske senter, Inklusiv legevakt** | **Øygarden Lokalmedisinske senter, Inklusiv legevakt** | Fjell, Straume | |
| **Tednebakkane omsorgssenter** | **Tednebakkane omsorgssenter** | Øygarden, Rong | Unntak gjeld for seks tilsette på natt som går over til heimetenesta. |
| **Sundheimen** | **Sundheimen** | Sund, Skogsvåg | Unntak gjeld for fem tilsette på natt som går over til heimetenesta: |
| **Kvednatunet** | **Kvednatunet** | Fjell, Ågotnes | |
| **Bustader knytt til Rus og Psykisk helse Straume:** | | | |
| | Gullfjellbasen | Fjell, Gullfjellvegen | |
| | Psykiatribustader | Fjell, Blombakkane | |
| | Psykiatribustader | Fjell, Straumsfjellet | |
| | Psykiatrisk dagsenter | Fjell, Straume | |
| | | | |
| **Bustader knytt til Rus og psykisk helse Nord:** | | | |
| | Bildøy – bustader for rusavhengige | Fjell, Bildøy | |
| **Bustader knytt til Rus og psykisk helse Sør:** | | | |
| | Psykisk helse/psykiatrisk team: | Kommunehuset skogsskifte | |
| | Hidlamyra butilbod | Psykiatribustader skogsskifte | |
| | Øh seng og personalbase rusteam | Inngjerdsvegen, Klokkarvik, Sund kommune | |
| | Dagsenter psykiatri | Grønebaksvegen, Skogsskifte | |
| **Bustader knytt til MMNF Straume:** | | | |
| | Vågaleitet | Fjell, Gullfjellvegen | |
| | Åttringen personalbase | Fjell, Åttringen | |
| | Blombakkane bustader | Fjell, Blombakkane | |
| | Lyngheia | Fjell, Blombakkane | |
| | Straume arbeids- og | Fjell, Idrettsvegen | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | aktivitetssenter | | |
| | Straumehagen | Fjell, Straume | |
| **Bustader knytt til MMNF Sør:** | | | |
| | Grønebakkane bustader<br>Terna avlastning | | |
| | Grønebakkane avlastning | | |
| | Straumefjellet Avlastning | | |
| | Arbeids-og opplæringssenter | | |
| **Bustader knytt til MMNF Nord:** | | | |
| | Ternholmtunet/ Rong<br>Omsorgsbase | | |
| | Veslevarden | | |
| | Terna bustad | | |
| | Dagsenter | | |

## 3.2. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Oppvekst som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar.

| Eining: | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevant, skriv **namn tilsette:** |
|---|---|---|---|
| Sund Ungdomsskule | | Sund | |
| Stranda skule | | Sund | |
| Skogsvåg skule | | Sund | |
| Spildepollen skule | | Sund | |
| Stranda barnehage | | Sund | |
| Glesnes barnehage | | Sund | |
| Telavåg barnehage | | Sund | |
| Skogsvåg barnehage | | Sund | |
| Klokkarvik barnehage | | Sund | |
| Øygarden Ungdomsskule | | Øygarden | |
| Tjeldstø skule | | Øygarden | |
| Blomvåg skule | | Øygarden | |
| Rong skule | | Øygarden | |
| Toftøy skule | | Øygarden | |
| Terna barnehage | | Øygarden | |
| Bjorøy skule | | Fjell | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Brattholmen skule | | Fjell | |
| Fjell Ungdomsskule | | Fjell | |
| Foldnes skule | | Fjell | |
| Hjelteryggen skule | | Fjell | |
| Knappskog skule | | Fjell | |
| Kolltveit skule | | Fjell | |
| Landro skule | | Fjell | |
| Skålevik skule | | Fjell | |
| Ulveseth skule | | Fjell | |
| Ågotnes skule | | Fjell | |
| Tranevågen Ungdomsskule | | Fjell | |
| Gangstøgarden ressurssenter | | Fjell | |
| Bjorøy barnehage | | Fjell | |
| Bildøy barnehage | | Fjell | |
| Tussetjødna barnehage | | Fjell | |
| Straume barnehage | | Fjell | |
| Svingen barnehage | | Fjell | |
| Ulveseth barnehage | | Fjell | |
| Ågotnes barnehage | | Fjell | |
| Leirstaden barnehage | | Fjell | |
| Marihøna barnehage | | Fjell | |
| Knappskog barnehage | | Fjell | |
| Hamramyra barnehage | | Fjell | |
| Liljevatnet barnehage | | Fjell | |

## 3.3. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Kultur og samfunn som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar.

| Eining: | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevant, skriv **namn tilsette:** |
|---|---|---|---|

Ingen einingar m/tilsette er identifisert som uberørt.

## 3.4. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Økonomi som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar.

| Eining: | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevant, skriv **namn tilsette:** |
|---|---|---|---|

Ingen einingar m/tilsette er identifisert som uberørt.

## 3.5. Einingar m/tilsette i kommunalsjefområdet Organisasjon og digitalisering som ikkje vert involvert av lokaliseringsendringar.

| Eining: | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevant, skriv **namn tilsette:** |
|---|---|---|---|

Ingen einingar m/tilsette er identifisert som uberørt.

# 4. Andre einingar og tilsette som «naturleg» ikkje vil få endra lokalisering/arbeidsstad i Nye Øygarden kommune.

Her er det føreteke ei vurdering og kartlegging av om det finst ***andre*** einingar, avdelingar, tenestar og **tilsette** innan t.d. stab, drift, vedlikehald, reinhald, transport etc. som **naturleg** ikkje vil få endra lokalisering/arbeidsstad i Nye Øygarden kommune

## 4.1. Andre identifiserte einingar og tilsette.

Ingen av hovudprosjekta/kommunalsjefområda har identifisert andre einingar/tilsette enn dei som er spesifikt nemnt i kapittel 3.

# 5. Samla oversikt over einingar og tilsette som skal vera gjenstand for drøftingar 11. september.

| **Einingar innen Helse og velferd:** | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevant, skriv **namn tilsette:** |
|---|---|---|---|
| **Fjell sjukeheim** | **Fjell sjukeheim** | Fjell, Straume | |
| **Straume bu og servicesenter** | **Straume bu og servicesenter** | Fjell, Straume | |
| **Øygarden Lokalmedisinske senter, Inklusiv legevakt** | **Øygarden Lokalmedisinske senter, Inklusiv legevakt** | Fjell, Straume | |
| **Tednebakkane omsorgssenter** | **Tednebakkane omsorgssenter** | Øygarden, Rong | Unntak gjeld for seks tilsette på natt som går over til heimetenesta. |
| **Sundheimen** | **Sundheimen** | Sund, Skogsvåg | Unntak gjeld for fem tilsette på natt som går over til heimetenesta: |
| **Kvednatunet** | **Kvednatunet** | Fjell, Ågotnes | |
| **Bustader knytt til Rus og Psykisk helse Straume:** | | | |
| | Gullfjellbasen | Fjell, Gullfjellvegen | |
| | Psykiatribustader | Fjell, Blombakkane | |
| | Psykiatribustader | Fjell, Straumsfjellet | |
| | Psykiatrisk dagsenter | Fjell, Straume | |
| **Bustader knytt til Rus og psykisk helse Nord:** | | | |
| | Bildøy – bustader for rusavhengige | Fjell, Bildøy | |
| **Bustader knytt til Rus og psykisk helse Sør:** | | | |
| | Psykisk helse/psykiatrisk team: | Kommunehuset Skogsskifte | |
| | Hidlamyra butilbod | Psykiatribustader skogsskifte | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Øh seng og personalbase rusteam | Inngjerdsvegen, Klokkarvik, Sund kommune | |
| | Dagsenter psykiatri | Grønebaksvegen, Skogsskifte | |
| **Bustader knytt til MMNF Straume:** | | | |
| | Vågaleitet | Fjell, Gullfjellvegen | |
| | Åttringen personalbase | Fjell, Åttringen | |
| | Blombakkane bustader | Fjell, Blombakkane | |
| | Lyngheia | Fjell, Blombakkane | |
| | Straume arbeids- og aktivitetssenter | Fjell, Idrettsvegen | |
| | Straumehagen | Fjell, Straume | |
| **Bustader knytt til MMNF Sør:** | | | |
| | Grønebakkane bustader Terna avlastning | | |
| | Grønebakkane avlastning | | |
| | Straumefjellet Avlastning | | |
| | Arbeids-og opplæringssenter | | |
| **Bustader knytt til MMNF Nord:** | | | |
| | Ternholmtunet/ Rong Omsorgsbase | | |
| | Veslevarden | | |
| | Terna bustad | | |
| | Dagsenter | | |
| **Eining innan Oppvekst:** | Tenestestad | Kommune/stad: | Dersom relevant, skriv namn tilsette: |
| **Sund Ungdomsskule** | | Sund | |
| **Stranda skule** | | Sund | |
| **Skogsvåg skule** | | Sund | |
| **Spildepollen skule** | | Sund | |
| **Stranda barnehage** | | Sund | |
| **Glesnes barnehage** | | Sund | |
| **Telavåg barnehage** | | Sund | |
| **Skogsvåg barnehage** | | Sund | |
| **Klokkarvik barnehage** | | Sund | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Øygarden Ungdomsskule** | | Øygarden | |
| **Tjeldstø skule** | | Øygarden | |
| **Blomvåg skule** | | Øygarden | |
| **Rong skule** | | Øygarden | |
| **Toftøy skule** | | Øygarden | |
| **Terna barnehage** | | Øygarden | |
| **Bjorøy skule** | | Fjell | |
| **Brattholmen skule** | | Fjell | |
| **Fjell Ungdomsskule** | | Fjell | |
| **Foldnes skule** | | Fjell | |
| **Hjelteryggen skule** | | Fjell | |
| **Knappskog skule** | | Fjell | |
| **Kolltveit skule** | | Fjell | |
| **Landro skule** | | Fjell | |
| **Skålevik skule** | | Fjell | |
| **Ulveseth skule** | | Fjell | |
| **Ågotnes skule** | | Fjell | |
| **Tranevågen Ungdomsskule** | | Fjell | |
| **Gangstøgarden ressurssenter** | | Fjell | |
| **Bjorøy barnehage** | | Fjell | |
| **Bildøy barnehage** | | Fjell | |
| **Tussetjødna barnehage** | | Fjell | |
| **Straume barnehage** | | Fjell | |
| **Svingen barnehage** | | Fjell | |
| **Ulveseth barnehage** | | Fjell | |
| **Ågotnes barnehage** | | Fjell | |
| **Leirstaden barnehage** | | Fjell | |
| **Marihøna barnehage** | | Fjell | |
| **Knappskog barnehage** | | Fjell | |
| **Hamramyra barnehage** | | Fjell | |
| **Liljevatnet barnehage** | | Fjell | |

## 6. Komplett liste av einingar og tilsette (etter drøftingsmøtet) som ikkje vert berørt av lokaliseringsendring og dermed skal varslast.

Det føreligg ingen endringar etter drøftingsmøte med hovudtillitsvalte og overordna styringsgruppe for Nye Øygarden kommune. Alle einingar m/tilsette nemnt i kapittel 5, vil såleis **vera uberørt av lokaliseringsendringar.**

## 7. Melding til ikkje berørte einingar og tilsette.

Seinast 13. september 2019 skal einingar m/tilsette som ikkje vert berørt av lokaliseringsendring i Nye Øygarden kommune, få informasjon. Etter avtale med kommunalsjefane i Nye Øygarden kommune, vil informasjon skjer ved at leiarane for uberørte einingar i kommunane Fjell, Sund og Øygarden sender e-post til sine tilsette.

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

# Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune. Samla rapport steg 2 – forslag til tenester i lokale innbyggjartorg, brukarnære tenester og tenester som kan sentraliserast.




nyeoygardenkommune.no

1. Oppdrag og mandat ..... 5
2. Fristar og oppfølging ..... 5
3. Deltakarar i dei fem hovudprosjekta ..... 6
4. Innspel og forslag til kva for tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale servicesenter/innbyggjartorg ..... 8
4.1 Kultur og samfunn sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg ..... 8
4.2 Økonomi sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg ..... 8
4.3 Organisasjon og digitalisering sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg ..... 8
4.3.1. Innbyggjartorget er lagt til Organisasjon og digitalisering sitt ansvarsområde. ..... 8
4.3.2. Den digitale døra inn (digital dialog/sjølvbetening) ..... 9
4.3.3. Effektivisering ..... 9
4.3.4. Organisasjon og digitalisering foreslår desse tenestene/oppgåvene lagt til innbyggjartorga. ..... 9
4.3.5. Døme på tenester og oppgåver vi ser føre oss bør liggja i eit innbyggjartorg frå andre kommunalsjefområde. ..... 9
4.3.6. Konkrete innspel knytt til lokalisering av desse tenestene i innbyggjartorga. ..... 9
4.3.7. Effektiviseringsvinstar. ..... 10
4.4 Oppvekst sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg. ..... 10
4.5 Helse og velferd sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg. ..... 10
4.5.1. Generelle innspel frå tenesteområda innan Helse og velferd ..... 10
4.5.2 Nærare om einskilde tenester ..... 11
*Frå NAV sine innspel* ..... 12
5. Innspel og forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering ..... 12
5.1. Kultur og samfunn sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering ..... 12
5.2. Økonomi sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering ..... 12
5.3. Organisasjon og digitalisering sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering. ..... 12
5.3.1 Innbyggjarar som brukarar: ..... 12
5.3.2 Tilsette som brukarar: ..... 12
5.3.3. Politikarane som brukarar: ..... 13

5.4. Oppvekst sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering. ..... 13

5.4.1. Skule og barnehage ..... 13

5.4.2. Helsestasjon med jordmorteneste ..... 13

5.5. Helse og velferd sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering. ..... 14

5.5.1. Heimetenesta ..... 14

5.5.2. Menneske med nedsett funksjonsevne ..... 15

5.5.3. Rus og psykisk helse ..... 15

6. Forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong. ..... 15

6.1. Kultur og samfunn sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong. ..... 15

6.2. Økonomi sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong. ..... 15

6.3. Organisasjon og digitalisering sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong. ..... 16

6.4. Oppvekst sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong. ..... 16

6.5. Helse og velferd sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong. ..... 16

6.5.1. Nav ..... 16

6.5.2. Flyktningtensta ..... 16

6.5.3. Helse, friskliv og meistring ..... 17

6.5.4. Behov for areal ..... 17

7. Forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre ..... 17

7.1. Kultur og samfunn sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre ..... 17

7.1.1. Oversikt over kontorplassar ved ulike alternativ. Kultur og samfunn: ..... 17

7.2. Økonomi sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre ..... 18

7.2.1. Andre tenester økonomi med fordel vil kunne vera samlokalisert med ..... 19

7.2.2. Strategiske møtepunkt ..... 20

7.3. Organisasjon og digitalisering sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre ..... 21

7.3.1. Dei ulike einingane sine behov. ..... 22

7.3.2. Forslag til lokalisering for Organisering og digitalisering basert på eigedomsoversikta ..... 24

7.4. Oppvekst sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre ..... 25

7.4.1. Organisering av BUFT ..... 25

7.4.2. Oppveksthuset ..... 25

7.4.3. Vaksenopplæringa ..... 26

7.4.4. Helsestasjon for flyktningar ..... 27

7.4.5. Helsestasjon for ungdom ..... 27

7.7.6. Konklusjon: ..... 27

7.5 Helse og velferd sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre ..... 27

7.5. 1. Heimetenesta, Rus og psykisk helse og Menneske med nedsett funksjonsevne ..... 27

7.5.2. Nav ..... 27

7.5.3. Flyktningtenesta ..... 28

7.5.4. Helse, friskliv og meistring ..... 28

7.5.5. Koordineringssenteret ..... 28

8. Vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar. ..... 29

8.1. Kultur og samfunn sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar. ..... 29

8.2. Økonomi sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar. ..... 29

8.3. Organisasjon og digitalisering sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar. ..... 29

8.4. Oppvekst sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar ..... 30

8.5. Helse og velferd sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar ..... 31

8.5.1. Heimetensta ..... 31

8.5.2. Menneske med nedsett funksjonsevne ..... 31

8.5.3. Nav ..... 31

Vedlegg: Delprosjekt vaksenopplæring ..... 32

# 1. Oppdrag og mandat

Oppdraget byggjer på dokumentet «Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune», m/innspel frå drøftingar i partssamansett utval (utvalsaksnummer 10/19) og fellesnemnda (utvalsaksnummer 31/19) [1]. Før oppstart, må ein gjera seg godt kjent med innhaldet i dette styringsdokumentet.

Avklaringsprosessen knytt til lokaliseringa vert gjennomført i 3 fasar/steg (jf. note 1). Denne rapporten gjeld steg 2, med frist sett 25.september 2019:

I steg 2 har dei fem hovudprosjekta v/kommunalsjefane levert forslag til:

1) kva for tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg (jf. intensjonsavtalen og nærtenesteprinsippet).
2) brukarretta tenenester (utover dei som vart identifisert i steg 1 og i pkt. 1) som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering (jf. at brukarar kan vera **både** tilsette og innbyggjarar).
3) tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.
4) kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre.
5) og gjera vurderingar knytt til om det finst faggrupper/strategisk viktig kompetanse som vil vera vanskeleg å behalde/eventuelt rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar.

I samsvar med Omstillingsavtalen, Arbeidsmiljølova(Aml), Hovudavtalen(HA) og Hovudtariffavtalen(HTA), har tilsette sine representantar vore involvert i arbeidet knytt til steg 2, pkt. 1 og 5.

# 2. Fristar og oppfølging

- Frist for leveranse knytt til steg 2 (pkt. 1-5) var 25. september.
- Innspela frå hovudprosjekta/kommunalsjefane skal vurderast i prosjektrådmannen sitt leiarteam og leggjast fram som vedtakssak i PSU og fellesnemnda høvesvis 7. og 9. oktober**.** Framlagt sak skal svara på følgjande vedtak i fellesnemnda (utvalsaksnummer 31/19, jf. note 1):
    - For å sikre god politisk forankring av lokaliseringa skal det leggjast fram ei eiga sak til fellesnemnda, for vedtak, som inneheld punkta skildra som steg to i saka
    - Det er avgjerande at endeleg vedtak om lokalisering vert knytt opp mot nærtenesteprinsippet
    - Synleggjere korleis lokaliseringsvalet kan frigjere ressursar gjennom effektivisering og reduserte kostnadar
    - Fokus på brukarane skal alltid telje høgast ved vurdering av lokalisering
- Mynde til å gjere endeleg vedtak om lokalisering er lagt til prosjektrådmannen. Hovudtillitsvalte (12 rep.) og overordna styringsgruppe for Nye Øygarden kommune skal vera involvert i den

[1] Dokument «Rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune» m/innspel frå PSU og Fellesnemnda, ligg tilgjengeleg på Projectplace i mappa «Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune».

endelege vedtaksprosessen (jf. innspel frå PSU, utvalsaksnummer 10/19 og note 1). Møte for drøftingar er sett til 14. oktober og 25. oktober.

- Endeleg frist knytt til lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune, er sett til 30. oktober 2019. For område der det er føremålstenleg og viktig å få klargjort lokala før 1.1.2020, kan avgjer om lokalisering gjerast fortløpande og tidlegare enn «siste frist» (jf. framlegg vedtakssak PSU og fellesnemnda 7-9 oktober).

## 3. Deltakarar i dei fem hovudprosjekta

Følgjande personar har delteke i hovudprosjekta si gjennomføring av arbeide:

| Namn: | Kultur og samfunn: | Kommune: |
|---|---|---|
| Råmund Skjold | Kommunalsjef kultur og samfunn | Øygarden |
| Rune Landro | Ass kommunalsjef kultur og samfunn | Øygarden |
| Hanna Gjesdal | Einingsleiar Plan, geodata og oppmåling | Fjell |
| Ruth Paulsen | Einingsleiar Reinhald | Fjell |
| Christel Møvik Olsen | Einingsleiar Kultur | Øygarden |
| Knut Eivind Nygård | Einingsleiar Drift og vedlikehald | Sund |
| Ole-Karsten Midtgård | Prosjektleiar Byggesak, tilsyn og miljø | Sund |
| Jarle Kåre Oen | Støttefunksjon | Øygarden |
| Nils Arthur Amundsen | Hovudverneombod | Øygarden |
| May Britt Hansen | HTV Delta | Sund |
| Bodil Aleksandersen | HTV Fagforbundet | Fjell |
| Mona Rabben | Verneombod | Sund |
| Namn: | Økonomi | Kommune: |
| Anne Erdal | Kommunalsjef for Økonomi | Nye Øygarden |
| Marius Sylta | Leiar stabsavdeling Innkjøp og investering/ avdelingsleiar NAV (F) | Nye Øygarden/ Fjell |
| Svend-Fredrik Untiedt | Leiar stabsavdeling Økonomistyring/ kommunalsjef økonomi (F) | Nye Øygarden/Fjell |
| Sissel Ekerhovd | Leiar stabsavdeling Kemneren | Nye Øygarden/ interkommunal |
| Egil Robert Johansen | Fagleiar Økonomi (Ø) | Øygarden |
| Knut Ove Ekren | Einingsleiar Økonomi (S) | Sund |
| Rikard Kvaal | HTV Delta | Fjell |
| Lisbeth Selstø | HTV Akademikarane | Fjell |
| Hildegunn Høyland | HTV fagforbundet | Sund |
| Line Markhus | Prosjektstøtte | Nye Øygarden |
| Namn: | Organisasjon og digitalisering | Kommune: |
| Sissel Iren Nesse | Kommunalsjef | Nye Øygarden |
| Lennart Fjell | Stabsleiar utvikling | Nye Øygarden |
| June Margrethe Johannesen | Stabsleiar tryggleik | Nye Øygarden |

| | | |
|---|---|---|
| Kaja Pedersen | Stabsleiar drift | Nye Øygarden |
| Grethe Bergsvik | Mellombels stabsleiar service | Nye Øygarden |
| Delprosjekt Tryggleik | Prosjektleiar June Johannesen | Fjell |
| Delprosjekt IKT | Prosjektleiar Jørgen Kausland | Sund |
| Delprosjekt Arkiv og dokumenthandsaming | Prosjektleiar Birte Young | Øygarden |
| Delprosjekt Informasjon og kommunikasjon | Prosjektleiar Vigleik Brekke | Fjell |
| Delprosjekt Sekretariat for politisk verksemd | Prosjektleiar Grete Bergsvik | Fjell |
| Delprosjekt Personal | Prosjektleiar Kaja Pedersen | Sund |
| Delprosjekt Digsam Økonomi/Hrm | Kjell Fyllingen | Fjell |
| Styringsgruppe Organisasjon og digitalisering | | |
| Tillitsvalte har vore representert gjennom dei ulike delprosjekta | | |
| Namn: | Oppvekst | Kommune: |
| Anne- Merete Vabø haugane | Kommunalsjef | Nye Øygarden |
| Jon Erik Egeland | Ass. kommunalsjef | Sund |
| Anna N. Nes | Ass. kommunalsjef | Øygarden |
| Rune Golf | Rektor | Fjell |
| Berit Algrøy | Helse | Fjell |
| Cathrine Olsen | Tillitsvald | Sund |
| Bodil Aleksandersen | --«-- | Fjell |
| Vibecke Hodnekvam | --«-- | Øygarden |
| Else Glesnes | HVO | Sund |
| Anne Britt Fanekrog | Prosjektstøtte | Sund |
| Delprosjekt: arbeidsgruppe for samlokalisert vaksenopplæring | Leia av Vibecke Hodnekvam m/7 representantar frå kommunar inkl. tillitsvalte | |
| Namn: | Helse og velferd | Kommune: |
| Line Barmen | Kommunalsjef | Nye Øygarden / Fjell |
| Tove Helleland | Ass. Kommunalsjef / kommunalsjef | Nye Øygarden /Fjell |
| Monica Pedersen | Einingsleiar | Nye Øygarden /Fjell |
| Liv Møen | Einingsleiar | Nye Øygarden /Fjell |
| Stein Inge Stigen | Einingsleiar | Nye Øygarden /Fjell |
| Janne Mo | Rådgjevar | Nye Øygarden /Fjell |
| Monica Landro | Einingsleiar/kommunalsjef | Nye Øygarden / Sund |
| Marita Hilleren | Ass. Kommunalsjef / kommunalsjef | Nye Øygarden /Sund |
| Britt Jorun Landro | Einingsleiar | Nye Øygarden /Øygarden |
| Kristin Straume | Einingsleiar | Nye Øygarden /Øygarden |
| Trude Villanger | HVO | Fjell |
| May Britt Hansen | HTV | Sund |
| Bente Ormevik | HTV | Fjell |
| Jana W | HTV | Fjell |

| | | |
|---|---|---|
| Line Markhus | Prosjektstøtte | Nye Øygarden |

# 4. Innspel og forslag til kva for tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale servicesenter/innbyggjartorg

Intensjonsavtalen og dokumentet «Rammer, prinsipp og prosess knytt til lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune, ligg til grunn for dei fem hovudprosjekta sine forslag/innspel.

## 4.1 Kultur og samfunn sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg

- Ei dør inn – kva treng ein innbyggjar hjelp til. Ein rettleiar på innbyggjartorget må kunne sluse og rettleia kundane inn i det digitale systemet. Hjelp til å gjera avtalar med ulike tenester.
- Byggesak er eit område som vil bli meir digitalisert med e-byggesak som er eit nasjonalt utviklingsprosjekt. Det kan vera hensiktsmessig å til dømes ha ei prøveordning i 1 år med ein byggesakshandsamar tilgjengeleg i innbyggartorget ein dag i veka – og ha ei evaluering om bruken av tenesta. Byggesaksbehandlaren vil og vera ein opplæringssressurs for dei som arbeider i innbyggartorget.
- Frivilligkoordinatorar bør vera tilgjengeleg på innbyggartorg 1 dag i veka slik at det er eit treffpunkt  i forhold til å skape nye aktiviteter, koordinering, fasilitering, opplæringsfunksjon osv.
- Arrangementskompetanse – alt frå folkemøte, debattar (bibliotek), kulturkveldar, konsertar (kulturskule), datakurs, mobiltelefonkurs, tinga møterom (gjeld både internt og eksternt) osv.
- Bibliotektenestene

## 4.2 Økonomi sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg

Innan økonomi vil det vera naudsynt å identifisere grensesnittet mellom informasjon og sakshandsaming for økonomitenestene. Dette gjeld mellom anna fakturainformasjon og skjemainformasjon. Ein kan tenkje seg at nokre kan løysast på innbyggjartorget slik som hjelp til digitale tenester. Det vil vera sentralt å få bygga opp gode min-side tenester slik at innbyggjarane får alt på eit stad.

## 4.3 Organisasjon og digitalisering sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg

### 4.3.1. Innbyggjartorget er lagt til Organisasjon og digitalisering sitt ansvarsområde.

Innbyggartorget er lagt til kommunalsjef Organisasjon og digitalisering sitt ansvarsområde. Jf. Intensjonsavtalen og «Rammer, prinsipp og prosess knytt til lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune, skal det vera innbyggjar- og brukarnære tenester som bl.a. innbyggjartorg på Rong, Straume og Skogsskiftet. Innbyggjartorga vil for vil for Organisasjon og digitalisering vera staden der innbyggjarane møter våre utadretta tenester.

Det vil vera ei fyrstelineteneste for brukarane våre i administrasjonen, og ei for politisk nivå. Organisasjon og digitalisering ser difor for seg ei firedeling av «Ei dør inn»-prinsippet:
a) «Ei dør inn for innbyggjarar» (Innbyggjartorg Rong, Straume og Skogsskiftet)

b) «Ei dør inn for tilsette» (leiar/Straume(Skjenet 2)). Utfyllande informasjon i pkt. 5.
c) «Ei dør inn for politisk nivå» (Hovudkontor rådhuset på Straume). Utfyllande informasjon i pkt. 5.
d) «Ei digital dør inn» - same løysing for alle dei tre ovannemnde nivå.

### 4.3.2. Den digitale døra inn (digital dialog/sjølvbetening)

God handtering av dialogen med innbyggjarar/brukarar (i alle tre dører), føreset ein god digital og automatisert sjølvbeteningsløysing som plukkar opp innspel, spørsmål og liknande, og ruter den til rett eining og inn i ei portefølgjemappe. Målet er at dette vert ei automatisk svarløysing i størst mogleg grad. «Frå spørsmål til svar»-metodikk skal vera gjeldande, med rollar, ansvar og oppfølgingsfristar.

### 4.3.3. Effektivisering

Ved å nytta den digitale døra inn, vil ein kunna automatisera meir og meir etter kvart, då ein vil sjå mønster i data som kjem inn. Det blir difor viktig å skaffa oss innsikt og her kan ein analysera stordata da ein nyttar «ein veg inn». Informasjonen som følgjer dette «løpet» ligg i ei portefølgjemappe, som vil gjera oppfølging enkel, og arkivering meir eller mindre automatisk.
Dette vil også frigjera tid, som tilsette knytt til Service kan nytta til meir kvalitativt arbeid og heile organisasjonen. Utanom arbeidstid vert dette supplert med autochat, samt gjennom frivillig innsats knytt til arrangement og liknande.

### 4.3.4. Organisasjon og digitalisering foreslår desse tenestene/oppgåvene lagt til innbyggjartorga.

- Rettleiing/tilrettelegging:
  -Startlån, bustønad, tilskot til etablering/tilpassing, søknad om kommunal utleigebustad m.m.
  -Vigsel, skjenkeløyve, barnehageplass, skuleskyss, HC kort m.m.
- Opprettast digital dialog og sjølvbetening (den digitale «døra inn») t.d chat-funksjon, digitale søknader m.m.
- Informasjon om alle kommunale tenester.
- Kunne hjelpa innbyggjarar til å avtala møter med administrasjonen.
- Telefonkontakten inn mot kommunen frå innbyggjarar – eit nummer inn som betenes av alle tre innbyggjartorga.

### 4.3.5. Døme på tenester og oppgåver vi ser føre oss bør liggja i eit innbyggjartorg frå andre kommunalsjefområde.

Bibliotek/kultur (Legge til rette for ein sosial/kulturell møteplass for innbyggjarar) byggjesak, kart og oppmåling, omsorgsplass, barnehagesøknad, etablerarkontakt, utlån av utstyr/hjelpemiddel utlevering ved behov, utvikling, NAV, barnevern, PPT m.m.

### 4.3.6. Konkrete innspel knytt til lokalisering av desse tenestene i innbyggjartorga.

Når det gjeld innbyggjartorg er vår oppfatning at dette er tenkt å vera plassert sentralt på Straume og dei to kommunedelsentra. Det bør definerast korleis innbyggjartorg skal byggjast opp i ny kommune. Vår vurdering er at innbyggjartorga bør samlokaliserast med dei eksisterande biblioteka. Profil, innreiing og kontorplassar på innbyggartorga skal vera så lik som mogleg , men opp/ned skalerast etter behov. Alternativ plassering av innbyggjartorg kan vera i leigde lokalar sentralt i kjøpesentra på Straume/Rong/Skogsskiftet, eller på dei ulike rådhusa.

Det må leggjast til rette for tilrettelagde kontor- og møteplassar i innbyggjartorga - knytt til tanken om mobile kontor/administrative ressursar som møter innbyggjarane der dei er til fastsette tidspunkt i veka. Dette peikar på at det vil vera behov for rullering av administrasjon inn i innbyggjartorga, samt fasilitering av virtuelle møtestadar. Ulike fagområde bør, gjennom rulleringsordning, vera tilgjengeleg til faste tidspunkt – ved behov. Møter og møteplass/møterom må bookast på førehand gjennom t.d. *Aktiv kommune* eller andre digitale løysningar.

Opningstidene følgjer aktiviteten (arbeidstid+frivillig verksemd/bibliotek/frivilligsentralar). Om innbyggjar ønskjer kontakt med administrasjon i innbyggjartorga etter arbeidstid, vert behovet dekka (for det meste) gjennom ein automat knytt opp mot den digitale døra inn i kommunen/sjølvbeteningsløysinga.

#### 4.3.7. Effektiviseringsvinstar.

Får ut synergieffektar ved å samle informasjon/rettleiing for alle kommunalsjefområda og dermed frigjer kapasitet til tenestene. Felles mottak av all kontakt frå innbyggjarane og vil då skjerme t.d. rådgjevarane sin tid til å saksbehandle m.m. Auka tilgjengelegheit for kundane, innbyggjarane og samarbeidspartnarar. Ei dør inn minskar frustrasjon og pågang frå kundane gjennom at dei vert slusa inn på eit spor og slepp å ta kontakt med mange ulike tenester for å få svar på sine spørsmål. Dette vil spare tid i alle ledd. Det vert enklare for brukaren å få oversikt over kommunen sine tenester.
Alt vert registrert ein stad og det kan hentast ut statestikk og informasjon om kva innbyggjarane treng hjelp med. Difor kan vi få meir treffsikre tilbod.

## 4.4 Oppvekst sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg.

- LOS med oppvekstkompetanse
- Digital service på oppvekst frå innbyggjartorg

## 4.5 Helse og velferd sine innspel og forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som må vera sikra i lokale innbyggjartorg.

#### 4.5.1. Generelle innspel frå tenesteområda innan Helse og velferd

Innbyggjartorga må leggje til rette for alle innbyggjarar som ikkje kan nyttiggjera seg av dei digitale løysingane. Vidare må det sikrast tilgjenge til dei som treng råd og rettleiing før dei kan søkja på tenester eller finne fram i jungelen av tilbod. Det er sentralt at innbyggjarar får støtte og hjelp uavhengig av kva sektor det gjeld. Kommunalsjefområdet Helse og velferd gjeld følgjande tenester:

- Heimetensta sone Straume, sone sør og sone nord
- Menneske med nedsett funksjonsevne sone Straume, sone sør og sone nord
- Rus og psykisk helse sone Straume, sone sør og sone nord
- Nav
- Flyktningtensta
- Institusjonar (Lokal medisinsk senter, Kvednatunet, Fjell sjukeheim, Tednebakkane, Sundeheimen, Straume bu og service senter)
- Legetenesta
- Helse, friskliv og meistring
- Koordineringssenteret

Følgjande moment vil vere viktige i innbyggjartorga for å ivareta dei nemnde tenestane:

- Informasjon om tenestetilbod innan Helse og velferd. Sikre at innbyggjarane som tek kontakt får vidare oppfølging ved behov
- Støtte og hjelp til utfylling av søknader. Det kan være nyttig at saksbehandlarar for ulike sektorar har faste dagar i dei ulike delsentra – kanskje med opningstider frå 10-18 ( evt til 20).
- Frivilligsentral/ frivillig koordinator sine tenester bør vurderast inn i innbyggartorg. God tilgjengelegheit, full oversikt over lag/ organisasjonar, ulike aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, gje støtte og kunne avklare booking av kommunale møterom/hallar er viktig for både innbyggjarane.
- Kontaktpunkt og koordinering av ulike offentlige – private – frivillige samarbeidstiltak som til dømes Home Start, PitStop, SOpp+(småoppdrag i heimen) osv.
- Kunne koordinere tlf. hendvendingar når det gjeld til dømes bestillingsbuss og transportordningar til ulike tilbod og tenester. Det kan vurderast og leggje dette samla til eit av innbyggartorga.

Det kan vurderast å utvikle eit system som koordinerer og systematiserer «ofte stilte spørsmål» og andre behov som kjem frå innbyggjarane. Det kan og vurderast å få på plass faste informasjonsmedarbeidar i innbyggjartorg.

### 4.5.2 Nærare om einskilde tenester

#### *Nav*

Nav sitt forslag er at det vert etablert eit stort kontor, plassert sentralt på Straume. Utfordringa i det å gå frå tre til eit stort kontor vil vere korleis ein kan løyse nærtenesteprinsippet.

Dette kan sikrast ved at nokre tenester kan være tilgjengeleg i innbyggjartorg. Dette gjeld mellom anna mogelegheit til å få rettleiing om tenester etter lov om sosiale tenester, kunne levere søknad og få informasjon om status i sakshandsaminga.

Det må vidare vurderast kva type tenester brukarane kan få bistand til ved å oppsøkje eit innbyggjartorg. Tilgjengelegheita for dei mest vanskelegstilte må takast vare på slik at dei kan få informasjon, rettleiing og hjelp til å fylle ut ein søknad.

#### *Flyktningtenesta*

For å ivareta nærtenesteprinsippet for denne busette flyktningar vil det vera ønskjeleg å etablere faste dagar på innbyggjartorg i høvesvis Rong og Skogsvågen for å kunne gi eit tilbod til nærare der dei bur. Vi ser for oss slike utedagar ein til to gonger per veke. I tillegg vil vi slik som vi allereie gjer i dag reise heim til dei vi arbeidar med på heimebesøk der vi føl den einskilde opp heilt konkret alt etter kva det er som det skal arbeidast med.

#### *Sikkerheit i innbyggjartorget*

Arbeidsmiljølova sett krav til at dei tilsette skal ha sikre og trygge arbeidstilhøve, noko som ligg til arbeidsgjevar sitt ansvar. Innbyggjartorga må dermed ha ein fysisk utforming som tek i vare krava om tryggleik. Innbyggjartorga må og ha universell utforming for å sikra tilgjenge til alle brukargruppe uavhengig av deira funksjonsnivå.

For nokre teneste innan Helse og velferd er det eigne krav og retningslinjer til å i vare ta HMT arbeidet.

*Frå NAV sine innspel*

- Nav stat har eigne krav gitt i «MAL – Lokal sikkerheitsinstruks»
- Leggje til rette for å ivareteke teieplikta
- Samtalerom skal ha rømming moglegheiter  i tilfelle en trusselsituasjon. Det anbefalast å montere alarmknapp i mottaket og samtalerom
- Publikum skal ikkje ha tilgang til kontor og møterom utan å verte teke i mot av mottaket

# 5. Innspel og forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering

## 5.1. Kultur og samfunn sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering

- Lærarane i kulturskulen (både desentralisert og sentral)
- Reinhald, vaktmeistertenesta
- Ungdomsklubb, «Frihuset» – arbeid med barn, unge og frivillig arbeid
- Bibliotek og skulebibliotek

## 5.2. Økonomi sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering

Innan økonomi er det ikkje identifisert tenester som bør vere desentralisert. Informasjon som innbyggjarar har behov for vert lagt til innbyggjartorg jf. punkt 4.

## 5.3. Organisasjon og digitalisering sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering.

Vi har tolka dette spørsmålet til å gjelda kommunalsjefområdet Organisasjon og digitalisering.

### 5.3.1 Innbyggjarar som brukarar:

- **Innbyggjartorg:** brukarretta tenestar for innbyggjarar vil ein, frå Organisasjon og digitalisering si side, finna i innbyggjartorga på Rong, Skogsvåg og Straume. Sjå pkt. 4.

- **Politisk leiing** – Ha sitt hovudkontor på Straume, men ha rullerande arbeidsdagar i dei tre innbyggjartorga. Eksempel Ordførar, Utval, komitéar m.m. Dette for å styrkja lokaldemokratiet og nærleiken til brukarane.

### 5.3.2 Tilsette som brukarar:

- Stabseining Drift
- Stabseining Tryggleik
- Stabseining Utvikling
- Delvis stabseining Service

Det skal etablerast ein tilsettservice som er fysisk lokalisert på Straume, nært opp mot stabseiningane i organisasjonen. Det vil vera ei kjerne av fast tilsette som arbeider på tilsettservice

som sit i eit kontorlandskap. Samstundes vil det vera ei «rulleringsordning» av tilsette som også skal vera ein del av tilsettservicen. Dette er ulike fagmiljø (ikt, arkiv, personal, økonomi) som skal vera representert til ei kvar tid i normalarbeidstid. Dette for å sikra variasjon i arbeidsoppgåver og tilknyting til eige fagmiljø. Utanom arbeidstid vert dette supplert med autochat. Det er difor viktig at tilsettservice sit lokalisert tett opp mot dei ulike fagmiljøa under kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering.

### 5.3.3. Politikarane som brukarar:

**Politisk service** bør i utgangspunktet vera fysisk plassert tett på politisk leiing og rådmann. Det vil likevel vera mogleg å plassera tilsette innafor dette området saman med resten av Organisasjon og digitalisering ved hjelp av nye digitale løysingar, og rullering for å ivareta effektiv og føremålstenleg utføring av arbeidsoppgåvene. Dersom nokon av dei politiske utvala skal ha møta sine i andre lokale enn i rådhuset på Straume, må det og leggjast til rette for at politisk service kan ha kontorarbeidsplass ved møtelokala på dei tidspunkta dette er aktuelt.

## 5.4. Oppvekst sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering.

### 5.4.1. Skule og barnehage

Intensjonsavtalen legg nokre føringar for organisering av oppvekstfeltet. Den har eit eige punkt som omtalar strukturen på barnehage og skuleområda: *«Gjeldande skule –og barnehagestruktur vert vidareført. Nye barnehagar skal tilpassast befolkningsveksten slik at nærleik til tenestene og effektiv drift vert sikra».*

Vidare har den nye fleirtalskoalisjonen signalisert at dei vil byggja ny skule på vestsida, og såleis understreka ei vidareføring av ein desentralisert skulestruktur.

### 5.4.2. Helsestasjon med jordmorteneste

Helsestasjon med jordmorteneste på Rong, Ågotnes, Skogsvåg og Straume. Dette gir eit tilbod som er brukarnært og desentralisert. Det er lange avstandar i kommunane og det er ikkje alle som har bil og desse er avhengig av at det ikkje tar for lang tid for gravide, og mor m/spedbarn å reise fram og tilbake til jordmor. Vidare er det kanskje dei mest sårbare brukarane som ikkje har bil og er avhengig av kollektivtransport.

Jordmødrene har i dag ei slik lokalisering og dette fungerer godt og er effektivt, både når dei reiser ut til barselkvinner og i forhold til at dei er ein del av helsestasjonstilbodet. Dei gjev eit nært samarbeid med helsesjukepleiarane på helsestasjonane, helsestasjonslegane, fastlegane og kommunepsykologane med fleire.

Det er naturleg for helsestasjonen å oppretthalde lokaliseringa med fire helsestasjonar (Skogsvåg, Straume, Ågotnes og Rong). Dette har samanheng med tal på fødsler i områda rundt helsestasjonane og avstanden i forhold til bruk av offentleg kommunikasjon/anna kommunikasjon for gravide, barn og foreldre.

## 5.5. Helse og velferd sine forslag til brukarretta tenestar som bør få ei desentralisert/brukarnær lokalisering.

Helse og omsorgstenester generelt bør så langt det er mogleg opprethaldast i kvar sone som i dag og vidare utbygging må i hovudsak skje der veksten i tenestene vil koma ut i frå demografiskutvikling og nærleiksprinsippet. Unntak er for tenester som er nærtenester direkte i brukars heim. Lokalisering bør i slike tilfelle vektleggje kostnadseffektiv drift og sterke og tilgjengelege kompetansemiljø for tilsette.

### 5.5.1. Heimetenesta

Heimetenesta forslår ein lokalisering i kvar sone. Når det gjeld kor sonene kan plasserast, er nærtenesteprinsippet ivareteke uavhengig av kor sonekontora er plassert.

Ut frå kravet om å frigje ressursar gjennom effektivisering og reduserte kostnader, er det vurdert at Skogsvåg og Straume er gode plasseringar, men at sone Nord bør plasserast sentralt på Ågotnes.

#### *Kvifor Ågotnes i staden for Rong?*

I siste arbeid med delprosjekt og arbeidsgrupper innan tenestane heimetenesta, rus og psykisk helse og menneske med nedsett funksjonsevne, vart det gjort ein grundig gjennomgang av forventa demografiske endringar i dagens kommunar. Det vart og gjort analyse av framtidige planlagde utbyggings-og fortettingsområder og knutepunkt for kollektivtrafikk. Plassering av noverande omsorgsbustader og mest mogleg effektive køyre- og gåruter samt tilgang på helsepersonell og helsefagstudentar vart og vurdert. I følgjande avsnitt vil vi her redegjøre for funnene ut frå føringar om samlokalisering, effektivisering og reduserte kostnader.

#### *Forventa demografisk utvikling i aldersgruppa 80+*

Statestikk viser at det vil vere stor vekst i aldersgruppa i 80+ allereie i 2025. Dagens Øygarden får auke på 11 personar. Tilsvarande tal for Sund er 85 personar og 357 personar for Fjell.

Veksten i dagens Fjell kjem i stor grad på Straume, Kolltveit og Ågotnes. Ved plassering av sonekontor på Ågotnes, vil hovudmengder av oppdrag for heile Sone Nord liggja i ein radius på 15 minuttar både mot Rong og i retning Kolltveit.

Ved plassering av sone Nord på Rong, vil ein allereie i dag få betydeleg fleire tilsette med lange transportetappar. Omlag 8 fulle arbeidsruter i Kolltveit/ Ågotnes-området er overflytta til Sone Nord. To av desse rutene er «gåruter» i Ågotnesområdet. Med plassering på Rong er det stipulert at ein minimum taper 1 årsverk for helsepersonell til køyring. Det vil og vere trong for fleire leasingbilar.

Behovet for meir personell og bilar ved å leggje sone nord til Rong vil auke i takt med den demografiske utviklinga med auka arbeidsmengde i Kolltveit og Ågotnesområdet.

#### *Utfordringar – kollektivtransport*

Heimetenester har døgndrift og press på tenester både tidleg morgon og sein kveld. Kollektivtilbodet både i Sund og Øygarden er ikkje tilpassa tenestene sitt behov for å nå vakter, særskild i helgar og høgtider. Tilsette er heilt avhengig av personbil for å koma seg på arbeid til rett tid. Er sonekontoret plassert på Ågotnes, der mange bussar har sitt sluttpunkt, vil ein kunne nå arbeidstida ved bruk av kollektivtransport i 2 av 3 soner i nye Øygarden. Dette er særs viktig for mange lærlingar og studentar som i dag ikkje har sertifikat.

### 5.5.2. Menneske med nedsett funksjonsevne

Menneske med nedsett funksjonsevne skal vere desentralisert og lokalisert i sonene Straume, sone Sør og sone Nord. Tenesta er allereie lokalisert på kommunale omsorgsbustader sentralt plassert i dei tre kommunane i dag som vert vidareført i ny kommune jf. intensjonsavtalen.

### 5.5.3. Rus og psykisk helse

Rus og psykisk helse skal vere desentralisert og lokalisert i sonene Straume, sone Sør og sone Nord.

# 6. Forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.

## 6.1. Kultur og samfunn sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.

- Alle administrative ressursar
- Kulturskule inkl. administrative ressursar bør vera samla

## 6.2. Økonomi sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.

Stabsavdelingane økonomistyring, innkjøp og investering og kemner bør ha sentralisert lokalisering. Kommunalsjefområde Økonomi ønskjer å argumentere for sentral lokalisering på Straume.  Mellom anna vil det for innkjøp vera behov for leverandørmøte, Straume vil då vera ein meir hensiktsmessig lokalisering. På den andre sia vil det vera mogeleg å reservera møterom på Straume ved eventuell anna lokalisering.

Kemneren i Fjell, Sund og Øygarden er den eininga som har vore samlokalisert på Straume sidan 2009. Kemneren har direkte kontakt med eksternt publikum og må være lett tilgjengeleg for både personlege og upersonlege skattytarar som har behov for oppsøkje kontoret. Publikumskontakten består i hovudsak av ikkje avtalt besøk av innbyggjarar og oppmøte etter innkalling til utleggsforretningar. Sentral lokalisering på Straume vil difor vera viktig med tanke på at kollektiv-tilbodet til Rong og Skogsvåg er særs dårleg.

Innkjøp og investering vil i liten grad ha direkte kontakt med innbyggarar og samhandlar hovudsakeleg med interne einingar og fag. Det vert oppført bygg og anlegg som dei tenesteproduserande einingane nyttar ut mot innbyggjarane (skule, barnehage, helse/omsorg, eigedom, kyrkje, med fleire). I tillegg vil Innkjøp og investering ha samhandling med eksterne aktørar som rådgjevar og entreprenørar. Rådgjevarmiljøet innan faget er i all hovudsak lokalisert i Bergen. Ei plassering i kommunedelsentra vil kunne gje auka kostnad i prosjekta i samband med samhandling med desse.  Investeringsprosjekta antar vi at vil verte fordelt i heile den nye kommunen, og det er

soleis mest effektivt å vere lokalisert i sentrum av nye kommunen. Dette har mellom anna samanheng med oppfølging og møteaktivitet på byggeplass.

Stabsavdelinga Økonomistyring har i hovudsak interne brukarar. Det er i dag stor grad av samhandling mellom avdelinga og  andre kommunalsjefområde. Kontakten gjeld utveksling av sentral informasjon inn mot leiinga på kvart kommunalsjefområde og inn mot einskilde einingsleiarar. Ei sentral plassering på Straume vil vere ein fordel for å kunne ha effektive prosesser på dei over nemnde område.

## 6.3. Organisasjon og digitalisering sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.

Organisasjon og digitalisering har berre kontakt med innbyggjarane gjennom innbyggjartorga.

## 6.4. Oppvekst sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.

Ingen?

## 6.5. Helse og velferd sine forslag til tenester innan kommunalsjefområdet som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg og kan sentraliserast til Straume, Skogsvåg, Rong.

### 6.5.1. Nav

Nav sitt forslag er at det vert etablert eit stort kontor, plassert sentralt på Straume. Utfordringa i det å gå frå  tre til eit stort kontor vil vere korleis ein kan løyse nærtenesteprinsippet. Nye NAV Øygarden sitt fagmiljø bør ikkje splittast opp i fleire lokasjonar. Dette vil gje mindre moglegheit for spesialisering og dermed prioritering av særskilte brukargruppe. I tillegg vil tenesta bli mindre robust ved fråvær og naturlig turnover. Effektivitetsomsyn taler også imot  å desentralisere tenesta.

### 6.5.2. Flyktningtensta

Flyktningtenesta foreslår sentral lokalisering på Straume.  Kraftsenter for inkludering og helse, med si samlokalisering av tenestetilbod til flyktningar er foreslått vidareført og vidareutvikla inn i ny kommune.

#### *God bussforbindelse*

Det er naturleg at lokalisering vert der det er god bussforbindelse, slik at det lett for flyktningar som vert busett å nå tenestene frå alle delar av kommunen. Dette kjem seg m.a. av at dei færraste av flyktningane har sertifikat eller bil. Dette er også årsaka til flyktningtenester vert foreslått lokalisert sentralt i den nye kommunen med kort avstand frå trafikknutepunkt og bussforbindingar. Dette for at brukarane skal kunne kome seg til og frå deltakinga i introduksjonsprogrammet, kunne nå Flyktningtenesta, Vaksenopplæringa og aktuelle helsetenester.

#### *Nærtenesteprinsippet*

Nærteneste er eit viktig prinsipp for nye Øygarden kommune. Vi legg til grunn at dette vert oppretthalde gjennom eit Kraftsenter for inkludering og helse der alle tenestene er samla. –At dette tilbodet vert å rekne for ei nærteneste. Kraftsenteret er foreslått å liggje nært Vaksenopplæringa der

nesten alle busette flyktningar skal gå. Både Flyktningtenesta og helsesjukepleier vil drive oppsøkande verksemd i startfasen ved busetting og til dei som av ulike grunnar ikkje kan oppsøke Kraftsenteret.

Det vil og som det er gjort greie for ovanfor verte foreslått utedagar frå Flyktningtenesta på innbyggjartorg, samt vi vil halde fram med heimebesøk til dei vi ser treng slik oppfølging.

#### 6.5.3. Helse, friskliv og meistring

Vi er i utgangspunktet ei eining som kan sentraliserast og eininga foreslår sentral lokalisering på Straume.

Eininga er samorganisert og med utgangspunkt i Straume terapisenter er det hensiktsmessig å nytte desse lokala som felles utgangspunkt for alle tilsette i eininga. Det er ikkje plass til alle på Straume terapisenter. Det er behov for lokale i nærleiken av dette bygget. Vi vil nytte behandlingsutstyr og areal som er tilgjengelig i sonene nord og sør. Eininga yter heimebesøk og oppfølging dersom det er trong for det.

#### 6.5.4. Behov for areal

Når det gjeld behov for kontorplasser, areal og utstyr vert det vist til tidlegare arbeid i arbeidsgrupper og delprosjekt.

## 7. Forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre

### 7.1. Kultur og samfunn sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre

- Innkjøp/investering / stabsavdeling service kan/bør vera plassert i nærleiken av plan/byggesak/eigedom/kultur
- Samlokalisering einingar innan KS. Det er heilt naudsynt at einingane *«Plan, geodata og oppmåling»* er samlokalisert med *«Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning»*. Vidare er det svært hensiktsmessig at Plan/byggesak er samlokalisert med eining Eigedom, drift og vedlikehald (administrative stillingar knytt til samferdsle og eigedomsforvaltning) og eining Kultur (gjeld kulturadministrasjon, unnateke administrasjon av kulturskule). Administrasjonsressursane knytt til reinhald og byggdrift bør vera samlokalisert.
- Fag innan einingar – Kulturskulelærarar bør vera samla med kulturskuleadministrasjon på lokalitet nær Straume. Det kan vera hensiktsmessig at dei vert vidare på Liljevatnet sidan dei nettopp har flytta inn i desse lokala. Kulturleiinga bør vera samla, sjå punkt over.

#### 7.1.1. Oversikt over kontorplassar ved ulike alternativ. Kultur og samfunn:

Kort oppsummering av behovet for kontorarbeidsplassar i dei fem einingane innan Kultur og samfunn:

- Kultur, det er behov for til saman 31 kontorarbeidsplassar. Dersom kulturskulen inklusive administrasjon ikkje vert samlokalisert med resten utgjer behovet 15 kontorarbeidsplassar
- Byggjesak, tilsyn, og miljøforvaltning, det er behov for 22 kontorarbeidsplassar.
- Plan, geodata og oppmåling, behov for 32 kontorarbeidsplassar.

- Reinhald, behov for tilsaman 5 kontorarbeidsplassar. Det må vurderast om avdelingsleiarar bør ha kontor i sonene for å unngå at arbeidstid går opp i kjøring. Det vil då vera behov for 3 kontorplassar sentralt i sone Straume
- Eigedom drift og vedlikehald, samla behov for 12 kontorarbeidsplassar.

***Samlokalisering alle ressursar (minus driftspersonale EDV/reinhald):***

| EINING | BEHOV KONTOR-ARBEIDSPLASSAR |
|---|---|
| Kultur | 31 |
| Byggjesak, tilsyn og miljøforvaltning | 22 |
| Plan, geodata og oppmåling | 32 |
| Reinhald | 5 (3) |
| Eigedom, drift og vedlikehald | 12 |
| TOTALT | 102 |

***Samlokalisering alle ressursar (minus driftspersonale EDV/reinhald og kulturskule inklusiv administrasjon)***

| EINING | BEHOV KONTOR-ARBEIDSPLASSAR |
|---|---|
| Kultur | 15 |
| Byggjesak, tilsyn og miljøforvaltning | 22 |
| Plan, geodata og oppmåling | 32 |
| Reinhald | 5 (3) |
| Eigedom, drift og vedlikehald | 12 |
| TOTALT | 86 |

***Samlokalisering Plan, byggesak og kulturadministrasjon dersom det av plassomsyn ikkje er mogleg med eit av alternativa over***

| EINING | BEHOV KONTOR-ARBEIDSPLASSAR |
|---|---|
| Kultur | 15 |
| Byggjesak, tilsyn og miljøforvaltning | 22 |
| Plan, geodata og oppmåling | 32 |
| TOTALT | 69 |

## 7.2. Økonomi sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre

Stabsavdelingane økonomistyring, innkjøp og investering og kemner **må** vera samlokalisert for å sikre heilskap, få synergieffektar, auke fleksibilitet, auka kompetanseutvikling og sikre innovasjon. Det vil også vera ei føremon med tanke på å redusera sårbarheit og skape trygge og forsvarlege arbeidsmiljø. For kommunalsjefen vil det vera ein fordel å ha stabsleiarane tett på og samlokalisert.

Nye Øygarden kommune blir den neste største kommunen, etter Bergen, i nye Vestland fylke. Eit innbyggjartal på om lag 40.000 vil stille auka krav til nytenking,  profesjonalisering og spesialisering særleg innan økonomifeltet.

Kommunalsjefområdet Økonomi er ein stab- og støtte funksjon som skal gje råd og støtte både til fullmaktsnivå ein og to. Hovudoppgåva til rådmannen og kommunalsjefane er å drive med strategisk utviklingsarbeid der det skal vere ein klar samanheng mellom strategisk utviklingsarbeid og fagutvikling. Kommunalsjefsområdet Økonomi er generelt ein særs viktig funksjon og bidragsytar i det strategiske utviklingsarbeidet, og spesielt i høve dei økonomiske utfordringane for Nye Øygarden kommune. Økonomiområdet er ein kjernefunksjon. Kommunalsjefområdet Økonomi må difor vere tett lokalisert på rådmannen for kontinuerlig å sikre gode råd og god støtte til strategisk utviklingsarbeid. Samstundes må økonomi ha ein sentral og effektiv lokalisering i høve til fagutvikling og driftsoppgåver sett opp mot fullmaktsnivå to. Ei slik organisering går og fram av organisasjonskartet.

Budsjett, løn og rekneskap er oppgåver som krev tett samhandling på tvers og samlokalisering vil derfor vere ein fordel.  Dei fleste tilsette i økonomistyring, kemner og innkjøp har økonomisk eller juridisk kompetanse. Fagområda i einingane er innan same kompetanseretning og ein vil kunne omplassere oppgåver og tilsette ved behov.

Både innkjøp og kemner er små einingar som må samlokaliserast med økonomistyring for å få full utteljing på sikkerheit, sikra heilskap, få synergieffektar, auke fleksibilitet, auka kompetanseutvikling og sikre innovasjon. Både innkjøp og kemner har juridisk kompetanse som kan brukast i heile kommunalsjefsområdet. Pga sikkerheit for dei tilsette må det vera minst to personar tilstade hos kemnaren for at kontoret skal vera ope for publikum. Dessverre har kemnerkontoret enkelte gongar måtte stenge pga møte, kurs, ferie, sjukdom osv. Dette vil ikkje vera eit problem dersom kemnerkontoret vert lokalisert saman med økonomistyring og innkjøp.  Eininga er for liten til at den kan vera lokaliserast åleine.

Kemneren har særnamskompetanse og kallar inn skattytarar til utleggsforretningane. Særnamskompetansen kan og brukast ved innkrevjing av kommunale krav dersom dette er ynskjeleg. I tråd med Skatteetaten sin medspelarstrategi innanfor arbeidsmarknadskriminalitet, ber Skatteetaten kemneren samarbeider med innkjøpsavdelinga i kommunen.  Kemneren må årleg rapportere til Skatteetaten om kommunane sine leverandører innanfor risikobransjen har levert utvida skatteattest, om kommunen har gjennomført oppfølgingskontroller og om kommunen har inngått 10 strategiske grep.

### 7.2.1. Andre tenester økonomi med fordel vil kunne vera samlokalisert med

*Desse einingane vil det vera ein fordel å ha fysisk nærleik til.*

#### *Drift og utvikling – HR og personal*

Løn, personal og rekneskap er tre funksjonar som må ha tett samarbeid. Dette fordi den same arbeidsflyten går gjennom alle tre funksjonane, og funksjonane treng å ha kommunikasjon seg imellom for å ha god kvalitet på arbeidet og ha «ei dør inn» for einingsleiarane.

### 7.2.2. Strategiske møtepunkt

*Desse einingane vil det vera ein fordel å ha fysisk nærleik til.*

#### *Plan, geodata og oppmåling*

Økonomistyring, investeringar  og innkjøp heng også tett saman med samfunns- og arealutviklinga i kommunen. Planavdelinga har ansvar for gjennomføringa av samfunnsdelen til kommuneplanen, der dei overordna strategiane og satsingsområda til kommunen vert klargjort. Vidare skal strategiar og satsingsområde følgjast opp gjennom arealbruk (arealdelen til kommuneplanen og andre arealplanar), økonomiplan og handlingsplan. Desse gir igjen føringar for investeringar og kommunen si rolle i samfunnsutviklinga når det kjem til gjennomføring av offentlege tiltak. Samhandling mellom eit breitt spekter under kommunalsjefen for økonomi (økonomiplan, investering, byggprosjekt) og planavdelinga er viktig for å skapa dynamikk på tvers av fagfelta, men også for å følgja opp dei overordna strategiane og satsingsområda. Samstundes vil utbyggingsavtaler (no lagt til eigedom) vera ein viktig samarbeidspartnar for å oppnå gjennomføring av offentlege tiltak. For å kunna realisera planar, både på overordna og detaljnivå er kommunen avhengig av eit godt samarbeid mellom stabane hos økonomisjefen, plan og eigedom. Gjennomføring av offentlege planlagde tiltak vil vera avhengig av investeringar/økonomiplan og satsingsområde i handlingsprogrammet. Vidare løyser utbyggingsavtaler fordelinga av kostnader mellom det private og det offentlege.

Innkjøp og investering samhandlar i dag tett med plan, byggesak, miljø og oppmåling, til dømes i reguleringssakar og byggesakar. Fysisk nærleik bidreg til effektiv sakshandsaming i prosjekta våre. Vi bidreg og med vår kompetanse inn mot desse einingane, til dømes i reguleringssakar.

Tett samhandling med til dømes planavdelinga i prosjekta gjev kortare gjennomføringstid, som bidreg til reduserte kostnadar i prosjekta. Ein kan med eit tett samarbeid i offentlege planar/bygg ha ei parallell prosjektering og regulering, ved at samarbeidet er tett og eventuelle endringar vert fanga opp raskt i prosjekta/reguleringssaka (Landro gravplass).

Rekkefølgjekrav, utbyggingsavtaler og gjennomføring. Her veit vi at planavdelinga ønskjer at vi bidreg med kompetanse inn mot dette, og konkret erfaringar med gjennomføring av prosjekt og realisering av planar.

#### *Eigedom, drift og vedlikehald*

Innkjøp og investering har behov for samhandling med eigedom som gjev ein del premiss inn i prosjekta som er viktige for drifta i ettertid. Eigedom vert eigar av prosjekta, og er soleis ein viktig part å ha samarbeid med i prosjekta. Fysisk nær lokalisering vil derfor kunne vere ein fordel. Eigedomsavd. i Fjell gjennomføre i dag ein del mindre prosjekt, og vi bidreg med kompetanse inn mot desse i til dømes beskriving og innkjøp mm. (Her vert det vel sikkert ein avklaring av kva prosjekt som eigedom gjennomfører og kva som vert innkjøp og investering sitt ansvar).

Ny kommune vil sannsynlegvis ønskje/måtte ta eit større ansvar i gjennomføring av offentleg infrastruktur knytt til sentrumsområda og offentlege funksjonar knytt til desse. Dette vert ein anna type prosjekt enn kommunane tradisjonelt har gjennomført, og det er behov for å styrke samhandling og kapasitet for sikre gjennomføringa av desse.

## 7.3. Organisasjon og digitalisering sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre

Vår gruppe (alle involverte i prosessen jf punkt 3) er samd om at kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering så langt som det let seg gjera må av omsyn til samhandling vera lokalisert fysisk nær kvarandre. **Kvifor:**

- Vi skal byggja noko nytt – bli eit fyrtårn i vest!
- Organisasjon og digitalisering er eit uttalt satsingsområde for den nye kommunen.
- For å kunna lukkast med 2 nivåmodellen då det er flytta stabsfunksjonar til vårt område må vi raskt i drift.
- Nytt kommunalsjefområde som skal vera eit førebilete for resten av organisasjonen og regionen, med eit inspirerande fagmiljø som utøver særs god samhandling på tvers.
- Kommunalsjefområdet skal vera inspirerande og innovativ. Dette kan avdelinga verta ved å setja saman dei ulike fagmiljøa som skal arbeide tettast saman, og kopla innbyggjarar/brukarar saman gjennom bruk av gode modellar.
- Må lokaliserast ein stad slik at ein raskt kan starta arbeidet med å skapa denne inspirasjonen og nye arbeidskulturen. Det er eit viktig poeng å starte opp arbeidet raskast mogleg for å få effektivisering, verdiskaping, ressursbesparing og auka kvalitet på tenestene.
- Det er store forventingar frå organisasjonen til at vi kan henta ut effektiviseringsvinstar.
- Organisasjon og digitalisering skal vera eit fyrtårn og lokaliteten bør difor vera symbolberande i forhold til dette.
- Det er Organisasjon og digitalisering som har fått oppgåva til å skapa nysgjerrigheit til «det nye». Det er heilt klart at dette vert lettare med å gjera i eit lokale på ein nøytral grunn med moglegheiter for tilpassing av vårt behov. Mange vil kunne seia at dei skal byggja nytt, men Organisasjon og digitalisering skil seg ut av di dette er ei nysatsing i kommunen.

### *Samhandling internt*

Slik Organisasjon og digitalisering er sett saman organisatorisk, vil det vera behov for tett samarbeid, og korte kommunikasjonsliner. Dette kan løysast ved at dei ulike einingane som må arbeide tettast saman for å lukkast, vert samlokalisert i **eitt** lokale.

Samlokalisering av einingane vil bidra til at fokuset alltid vil vera innovativt og inspirerande. Dei ulike einingane løftar kvarandre, og ønskjer å verta dei beste og mest veldrivne i kommunen. Det skal vera ei glidande overlevering av oppgåver og ressursar til dei nye satsingsområda Tryggleik og Utvikling. Ved å sitte fysisk nær kvar andre vil ein klare dette på ein raskare og smidigare måte.

### *Må vera i drift 1.1.2020*

Organisasjon og digitalisering må ha lokalitetar på plass og tilsette i drift frå dag ein. Dersom ein ikkje er i drift og plassert frå 1.1.2020 vil dette få konsekvensar for endringskulturen organisasjonen skal gjennom, effektiviseringsvinstar, fokusområde, løyse oppgåvene som er lagt til den nye kommunen og ressursbruk.

På bakgrunn av punkta over har gruppa lagt opp til eit alternativ som vil vere å føretrekke for dette kommunalsjefområde.

### *Beskriving av behov for lokalar på kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering*
Det er ca 90 tilsette på kommunalsjefområde + lærlingar, tillitsvalde og hovudverneombod.

- Kontorplasser (stor grad opne landskap)
- Møterom
- Kurssenter tett opp til innolab (jf skildringa under) og tilsette på utvikling
- Godkjent arkivlokale
- Lager (IKT, utstyr m.m.)
- Garderobe/kjøkken, toaletta m.m.
- Innbyggartorg (fysisk lokale)
- Beredskapsrom
- Serverrom (allereie etablert)

## 7.3.1. Dei ulike einingane sine behov.

### *Utvikling*
- Tilsette innafor områda samskaping og digitalisering, FoU, nettverk og samarbeid, samt fasilitering av Senter for berekraftig utvikling og innovasjon vert lokalisert saman. Desse, samt senteret, må vera tett på fyrstlina til brukarane, som skal gjennom kursing og kompetanseheving i senterdelen.
- Senter for berekraftig utvikling og innovasjon (SBUI) vert eit kurs- og kompetansesenter inkludert innolab (innovasjonrom) og kontorlandskap med moglegheit for rullering. Det er vore lagt vekt på at det skal vera mogleg å nytta både senter og innolab uavhengig av kvarandre og samstundes moglegheit for at dei kan nyttast saman.
- Det bør sjåast på korleis oppbygginga av SBUI skal vera i ny kommune for å få best mogleg utnyttingsgrad og utnyttingsmoglegheiter. Ved å ha ein open løysning vil dette også gje rom for å samla heile avdelinga(r) på møte samstundes.
- Funksjonane bør sitja i nærleiken av kvarandre for å få best mogleg synergieffektar.
- Ved å lokalisera senteret og innolab tett på dei andre einingane vil dette motivere alle dei tilsette til å arbeida for å verta innovative, tenkja nytt, sjå moglegheiter, og lettare få koplingar opp mot dei andre tilsette på huset og besøkjande. Kurssenterfunksjonen kan måtta lokaliserast ein annan stad under ei eventuell ombygging/tilrettelegging av eit fast lokale. Eit alternativ i denne fasen kan vera kontorlokale og auditorium i Teknologisenteret på Straume.
- Tilsette knytt til innolab, tankeverksemd og utviklingsarbeid, samt stabsleiar, vil lokaliserast samla ein annan stad i ein mellomperiode.

### *Tryggleik*
- Skal ha ein støttefunksjon opp mot Kommunal kriseleiing (KKL) og bør vera lokalisert i nærleiken av desse.
- Skal fasilitera og halda oversyn over innhald i beredskapsrommet. (som bør vera i nærleiken av Ordførar, rådmann og kommunalsjefar)
- Kommuneadvokat bør vera på Straume der klientane er (rådmann, politisk leiing, kommunalsjefar), elles vert det auka tidsbruk på køyring til og frå møter og mindre effektiv arbeidskvardag.
- Skal samarbeide tett med utvikling og drift, og må sitja fysisk i nærleiken av desse einingane.
- Alle tilsette på tryggleik må sitja saman, for å sikre samhandling, hindre sårbarheit ved fråvær og for å få eit godt fagmiljø. Skapa gode synergieffektar.

- Dette er eit komplekst einingsområde som krev tett samhandling mellom dei ulike fagområda og leiarstyring.
- Støttefunksjon til heile organisasjonen, og bør difor vera lokalisert på administrasjonssenteret på Straume.
- Må vera eit fokusområde i ny kommune som er godt synleg og bør difor ikkje fysisk lokalisert borte frå sentral administrasjon.
- Skal ha tett samarbeid med andre aktørar utanfor ny kommune. Det vert enklare å få dette til ved sentral lokalisering på Straume.

### *Service*

- Tilsette innafor informasjon og kommunikasjon. Informasjonsrådgjevar skal ha tett kontakt med rådmann, kommunalsjefar og elles politisk leiing og bør ha tilgang til ein arbeidsplass i nærleiken av desse i tillegg til sin primærarbeidsplass.
- Tilsette i tilsettservice. Tilsettservice vil gjennom lokaliseringa få ei god oversikt over utfordringane til dei tilsette dersom dei har sin arbeidsplass tett opp mot kurssenter. Dette kan bidra til at dei saman med Utvikling kan forbetre systema og opplæringa av desse gjennom å sitja tett på fagmiljøa. Tilsette under rullering knytt til dokumentsenter.
- Tilsette i politikarservice og forvalting (rullering). Politisk sekretariat bør lokaliserast nær politisk leiing. Difor vert det også naturleg at politisk sekretariat disponerer kontorarbeidsplassar der politisk leiing er. Her kan det tenkjast inn ei rullering av dei tilsette, slik at dei framleis vil vera ein del av resten av Organisasjon og digitalisering.

### *Drift*

- Tilsette innafor ikt. IKT-servere er tiltenkt å vera lokalisert på rådhuset i Fjell og LMS. Dei tilsette på IKT drift treng ikkje kontorlokalar i same bygg som servere, men må kunna rykkja ut på kort varsel. Difor passer det godt med lokaliseringa på Straume innanfor ein radius med omlag fem minuttars utrykkingstid. Dette er etter vårt skjønn ei god løysing som vil sikra god samhandling på tvers og kan realiserast relativt raskt. I vurdering av lokaliseringa er det ikkje teke høgde for framtidige IKT lærlingar.
- Tilsette innafor personal: bør sitja saman og vera tett på dei andre fagmiljøa innanfor drift samt dei andre tilsette på dei andre stabsavdelingane. Alle stabsavdelingane har «personalfragment» i seg, noko som tilseier at ein har behov for nærleik til kvarandre.
- Tilsette innafor dokumentsenter; her må ein ta omsyn til tryggleik ved opning av post.
- Ein ser føre seg to alternativ: etablering av eit dokumentsenter tett saman med dei andre fagmiljøa i organisasjon og digitalisering, eventuelt etablering av dokumentsenter på Rong for å sikra nærleik til fysisk arkiv. Arkivlokala på Rong er dei einaste lokala som er godkjente. Ein må uansett tenkja på tryggleik for dei tilsette når det gjeld til dømes opning av post. (sjå meir utfylland punkt om tryggleik nedanfor)

### *Stabsleiarane*

- Det er eit ønske for stabsleiarane å sitja nær kvarandre. Dette for å ha eit tett samarbeid på tvers av einingane, og for støtta til kvarandre.
- Det er viktig med leiing som er til stades, noko som tilseier at ein bør streba etter samling av einingane og fagmiljøa slik at leiarane unngår å farta for mykje.

### *Tillitsvalde*
Det må takast stilling til om kven som skal ha personalansvar for hovudverneombod og hovudtillitsvalde som er 100% frikjøpt. Ein kan tenkja det som naturleg at dei vert knytt til drift, og det må i så fall takast omsyn til med tanke på behov for kontorplass. Arbeidsgjevar har plikt til å stilla kontor til disposisjon for tillitsvalde. Ein har p.t. ikkje detaljert oversikt over kor mange hovudtillitsvalde som vert frikjøpa i ny kommune, men naturleg vil det vera ca. 10 personar. Det er mogleg å tenkja eit type landskap her med tilgang til møterom i nærleiken. Det er ønskjeleg med eit fysisk skilje mellom tilsette på personal og tillitsvalde, men utanfor stor avstand grunna tett samarbeid. Eit godt samarbeid kan ivaretakast ved at til dømes Organisasjon og digitalisering er lokalisert  på Skjenet og dei hovudstillitsvalde på rådhuset i Fjell.

### *Tenester/kontor/anna plassert andre stadar:*
-Innbyggjartorg – Skogsskiftet, Rong og Straume

-Politikarservice – Rådhuset

-Dokumentsenter/arkiv  – Rong

Arkiv/dokumentsenter er ikkje like avhengig av sentral lokasjon som dei andre tenestene i kommunen. Dette då all post skal kome inn til same stad i kommunen og skal derfrå inn i systema. Minst mogleg papir skal nyttast i ny organisasjon. Utfordringa vert å motivera og halda oversyn over innovasjonsprosessen deira dersom dei vert lokalisert langt borte frå dei andre på avdelinga. Her er og tenkt ein rullering av tilsette. Eigna lokale som også tek i vare tryggleika til dei som opnar posten er også viktig å ta høgde for. Dette då dei skal opne opp all post til heile kommunen, og dersom nokon ønskjer å skada t.d. barnevern tenesta med å senda brev med pulver, bomber eller liknande må det vera mogleg å avskjerma skaden til postopningsrommet og sikra dei tilsette som opnar posten best mogleg.

I tillegg er det krav om godkjente arkiv som kan romme alle arkivverdige dokument til ny kommune. Øygarden er dei einaste som i dag har godkjente arkivlokalar. Dette vert for lite for den nye kommunen slik det er bygd opp i dag, men det er potensiale for utviding i eksisterande lokale.

**Døma vi viser til når det gjeld HMS peika mot at det kan vere behov for ei ROS- analyse av lokaliseringa for alle område. Ei slik analyse vil kunne ha innverknad på val av lokalisering.**

## 7.3.2. Forslag til lokalisering for Organisering og digitalisering basert på eigedomsoversikta

### *Skjenet 2*
I den informasjonen som er gjort tilgjengeleg (excelark med oversikt over eigedommar/kontor) er det talt opp 63 kontorplasser på Skjenet 2. Det er gode, romslege kontor med mange møterom fordelt over to etasjar. I tillegg vert mykje av arealet ikkje utnytta optimalt. Det er på fleire kontor lagt opp til ein kontorplass sjølv om det ut frå storleik kan nyttast av to eller fleire jf minstekrav om 6m$^2$ kontorplass per tilsett.

Det er meir rom for å byggja noko nytt i nye lokalar, vere seg den nye kulturen eller det nye kommunalsjefområdet. Skjenet peikar seg ut som eit lokale som enklast mogleg kan formast ut i frå

Organisasjon og digitalisering sine behov. Tenestene til Organisasjon og digitalisering skal vera eksponerte og lett tilgjengelege (fyrtårn), og dette høver godt med lokaliseringa til Skjenet. Skjenet er og lett tilgjengeleg for kursdeltakarar/brukarar knytt til kurssenteret i høve at Straume er eit kollektivknutepunkt. I tillegg er det gode parkeringstilhøve knytt til bygget, og det er kort veg til Kystbygarasje og bussterminal. Forslag til løysning i dette bygget:

**1. etg**

- Kontorplassar til samskaping og digitalisering (Utvikling)
- Senter for berekraftig utvikling. Kurs- og kompetansesenter med innolab-fasilitetar.
- Kontorplassar til FOU/personalutvikling
- Kontorplassar til Tilsettservice og facilitatorane til kursverksemda
- Kontorplassar til Informasjon
- Kontorplassar til Tryggleik

I vurderinga av plassering av dei ulike tenestene er det lagt vekt på at dei funksjonane som vil ha mest tråkk/ besøk frå andre vert lokalisert i 1. etg.

**2. etg**

- Kontorplassar til IKT drift
- Kontorplassar til Personal
- Kontorplassar til Prosjektstillingane til Utvikling
- Kontorplassar til Utvikling
- Kontorplassar til stabsleiarar og (evt.) kommunalsjef.
- Møtelokalar, kjøkken og liknande.

## 7.4. Oppvekst sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre

### 7.4.1. Organisering av BUFT

Organisering av BUFT (Barn, unge og familietenester)vert ei nyvinning i den nye kommunen. Det viktigaste grepet når det gjeld organisering av oppvekst, er ei fysisk samlokalisering av PPT, barnevern og BUFT ( AFA (anna førebyggjande arbeid) og helsestasjon Straume) i eit OPPVEKSTHUS. Lokasjonen må vere sentralt i Straumeområdet. Øygarden har erfaring med ei samordna teneste for barn og unge i Familiens hus. Erfaringar og kunnskap frå denne tenesta blir viktig når ein skal utvikle innhald og metodikk i Oppvekst.

### 7.4.2. Oppveksthuset

Oppveksthuset bør lokaliserast sentralt i Straumeområdet. Grunngjeving:

- Større grad av samhandling og samordning med faste møtepunkt til beste for barn og familie.
- Eitt miljø - likeverdig tilbod i kommunen.
- Meir effektiv tenesteyting. Legg til rette for uformelle møteplassar, betre kontakt og samarbeid og meir effektiv intern koordinering.
- Miljø for innovasjon og utvikling.

- Brukarperspektiv –ei dør inn, tenester nær kvarandre, jf. konklusjonar i StimuLab, kollektivtransport.
- Robuste tenester.
- Nærleik til 2.-linetenester, til dømes BUP og DPS.
- Døgnope/ Barnevernsvakt – nærleik til politi og legevakt.
- Samordne ressursar og tiltaksarbeid for ungdom.

### 7.4.3. Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa **må** ligge på Straume på grunn av at brukargruppa vår er totalt avhengig av kollektivttilbodet, både for å hente og levere barn og for å kome seg til skulen og andre tenestetilbod. Deltakarane er busette geografisk i heile kommunen.

Det er viktig at Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta er lokaliserte i same sentrale område. Då har brukarane tilgang på helsetenester og programrådgjevar i løpet av skuledagen sin, og vi unngår fråvær. For å sikre effektiv kvalifisering og for å møte dei lovpålagte oppgåvene, samarbeider vi tett om IPar, og har jamlege deltakarsamtalar, kartleggingssamtalar og trekantsamtalar. Programrådgjevarane kan delta i opplæring, og vi samarbeider også om andre kurstiltak, oppfølging av språk- og arbeidspraksis med meir. Vi samarbeider om fråværsføring, ansvarsgruppemøter og utvekslar relevant informasjon, samt felles opplæring i regelverk, rutinar og kvalitetssikring. I Fjell er det dagleg kontakt mellom dei to einingane, og faste møter ein gong i veka.

Samlokaliseringa i Fjell i dag er svært viktig for kvaliteten på dei lovpålagte tenestene, sist aktualisert i tilsyn frå Fylkesmannen. Samarbeidet vi viser til tek utgangspunkt i Introduksjonslova og rundskriv G-27/2017 frå Arbeids- og velferdsetaten. Mange vaksne med innvandrarbakgrunn, har også rett til ulike former for grunnskuleopplæring etter Opplæringslova §4A-1.

Vaksenopplæringa i dei tre eksisterande kommunar skal slåast saman. Ein får då eit større fagmiljø og meir homogene deltakargrupper for å sikre tilpassa opplæring og kvalitet på dei lovpålagte tenestene, også på tvers av einingane. Vi ser også at det er økonomiske, praktiske og pedagogiske fordelar ved ei slik samordning. og det er eit sterkt ynskje og behov for at den nye eininga vert lagt til Straume området slik det er i Fjell i dag.

Lokala til Fjell Vaksenopplæring er i dag svært godt tilpassa brukarane, både med tanke på nærleik til kollektivtransport og i høve til tilpassing til menneske med ulike funksjonsnedsetjingar (t.d heis og handikaptoalett). Fjell vaksenopplæring er i tillegg ideelt lokalisert i høve til Kraftsenteret (programrådgjevarar i Introduksjonsprogrammet og helsetenester for flyktningar) og NAV. Det  er mogeleg å utvide/tilpasse dei eksisterande lokala til ei større eining etter kommunesamanslåinga.

Nærtenesteprinsippet skal leggjast til grunn for tenestene i Nye Øygarden kommune, og dette er tenkt ivaretatt ved at Flyktningtenesta og Vaksenopplæringa er lokaliserte i same sentrale område.

Viser og til rapport gjort av arbeidsgruppa som ligger ved dette dokumentet

### 7.4.4. Helsestasjon for flyktningar

Bør samlokaliserast med flyktningetenesta i nærleik til Vaksenopplæringa og har behov for 4 kontor og 1 kontor for familiekonsultasjonar. Det bør og vere kontor i tilknyting til helsestasjonane i Skogsvåg og Rong.

### 7.4.5. Helsestasjon for ungdom

- Helsestasjon for ungdom – vidareføre lokalisering sentralt på Straume.
- Samlokalisere tenester for ungdom i Straumeområdet.
- Samordne ressursar og kompetanse – ei dør inn.
- Utvikle gode tiltak i samarbeid med dei andre tenestene innafor oppvekstfeltet.

### 7.7.6. Konklusjon:

Sjølv om ein har målsetting om samlokalisering av tenestene i eit OPPVEKSTHUS, har vi ein klar målsetting om at desse tenestene skal ha i seg eit element av desentralisering. Tenester nær brukarane inneber at fagfolka skal yte tenester ut i hele kommunen, i skular og barnehagar, og møte innbyggjarane der dei bur. Tenestene skal halde fram den positive utviklinga med systemarbeid og rettleiing ute i skular og barnehagar.

## 7.5 Helse og velferd  sine forslag til kommunalsjefområder, einingar, fag etc. som av samhandlingsomsyn bør lokaliserast fysisk nær kvarandre

### 7.5. 1. Heimetenesta, Rus og psykisk helse og Menneske med nedsett funksjonsevne

Heimetenesta foreslår samlokalisering med rus og psykisk helse og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne i alle tre sonene.  Tenester vert gitt ut frå same lovverk og fleire brukarar får tenester frå fleire av einingane. Administrativ leiing er tett på kvarandre og kan saman med brukar og tilsette finne gode løysingar for tenesteytinga. Kompetanseoverføring, stordriftsfordelar , styrke i drift og felles brukarfokus på kvalitet og kontinuitet vurder vi vil styrkast ved samlokalisering.

Rus og psykisk helse må framover vere samlokalisert (gjeld sone Straume som ikkje er det no). Oppfølgingstenestene, ADL og psykologane. Nokon av dei er i dag i ulike bygg. Viktig å samlokalisere for å samhandle på tvers og bygge felles kultur.

#### *Samarbeid mellom soner*

I prosjekt heimetenester er det lagt vekt på tett samarbeid mellom soner, hindre unødig inntak av vikar og kunne utveksle kompetanse på tvers ved behov i drift.  Kortare køyreavstand mellom dei 3 sonekontora vurderer vi vil gjera det lettare å samarbeid på tvers og vil redusera køyretid .

### 7.5.2. Nav

Nav har i utgangspunktet ikkje behov for å vere samlokalisert med andre einingar. Det er naudsynt med faste møtestrukturer og samarbeidsavtaler med tenestane.

### 7.5.3. Flyktningtenesta

Flyktningtenesta har behov for fysisk nær lokalisering med vaksenopplæringa og helsetenestar.

Kraftsenter for inkludering og helse, med si samlokalisering av tenestetilbod til flyktningar er foreslått vidareført og vidareutvikla inn i ny kommune.

Kraftsenteret og Vaksenopplæringa vert foreslått lokaliserast nær kvarandre. Kraftsenteret og Vaksenopplæringa er i dag omlag 200 meter frå kvarandre og ligg omlag to minuttar gange i frå Straume bussterminal.

Dei siste åra er det busett fleire overføringsflyktningar. Denne gruppa har ofte hatt tilleggsutfordringar knytt til helse. Erfaringa er at samlokalisering av fleire helsetenester, programrådgjevarar, busettarar og flyktningkonsulent vil gi eit betre tilbod til brukarane gjennom høgare fagnivå og betre samordna tenester. Nærare forklaring følgje nedanfor.

#### *Kvifor fysisk lokalisering nær Vaksenopplæringa*

For å sikre eit best mogleg koordinert og heilskapleg tilbod til brukarane er det eit poeng at Vaksenopplæringa og dei samlokaliserte tenestene på Kraftsenteret ikkje har for lang avstand mellom seg. Dette har si årsak i at deltakarar på Vaksenopplæringa ofte har møte med programrådgjevar og helseteneste, og då må det vere kort veg mellom desse tiltaka.

#### *Vinstar av samlokaliserte tenester*

Både integrering og inkludering vil fortsetje lenge sjølv om flyktningstraumen har stoppa opp og tala på asylsøkarar til Norge er lave. Fleire vil og ha trong for oppfølging av helsetenestene etter at dei er ferdig i introduksjonsprogrammet.

Kommuneoverlege og legevakta fortel at det samordna tilbodet til flyktningar som vert gitt på Kraftsenteret, betyr at legevakta merkar mindre pågang frå flyktningar samt at fastlegane merkar mindre av pågang frå denne gruppa.

Når flyktningar kjem til kommunen er det ofte omfattande helseundersøkjar som skal gjerast, og denne innsatsen vert no ivareteke av lege for minoritetsspråklege samt av helsesjukepleiarar som alle sit samlokalisert med Flyktningtenesta på Kraftsenteret. Det har dei siste åra blitt bygd opp kompetanse på Kraftsenteret knytt til helseundersøkingar for flyktningar og det viser seg at dette i tillegg til god ivaretaking av den einskilde ved ankomst inneber at andre tenester gjer vinn av innsatsen. Dette gir auka kvalitet i tenesta og tenesteleveransa til flyktningane.

### 7.5.4. Helse, friskliv og meistring

Helse, friskliv og meistring har behov for samarbeidsmøte og samarbeidsrutinar med tenestane innan helse og velferd.

### 7.5.5. Koordineringssenteret

Koordineringssenteret er ikkje ein eiga eining og vil vere organisert under kommunalsjef eller Ass. kommunalsjef. Det vert difor tilrådd at koordineringssenteret vert samlokalisert med kommunalsjef og assisterande kommunalsjef.

# 8. Vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar.

## 8.1. Kultur og samfunn sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar.

Det har frå delprosjekt Plan og byggesak blitt trekt fram at desse einingane med grunngjeving i behalde/rekruttere problematikk bør lokaliserast til Straumeområdet. Erfaringane frå Sund og Øygarden kan dels støtte opp om dette, men ein ser og at Fjell kommune har erfart tilsvarande problemstilling. Eit anna moment kan vere at særleg planeininga vil arbeide mykje opp mot regionale myndigheiter og ei lokalisering på Straume kan gje nokre fordelar i høve reisetid.

Det bør leggjast opp til nokre «ålment tilgjengelege» kontorplassar på alle større bygg for meir fleksibilitet.

## 8.2. Økonomi sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar.

Kompetanse er peika ut som ein av dei viktige og grunnleggjande faktorane for at Nye Øygarden kommune skal nå sine målsetjingar. Kommunalsjefområde Økonomi har identifiserte at det kan vera vanskeleg å rekruttera økonomifagleg, juridisk og ingeniørfagleg kompetanse frå andre kommunar med lokalisering i Skogsvåg eller Rong. Det er difor eit prioritert satsingsområde å rekruttere, vidareutvikle og halde på relevant og tilstrekkelig kapasitet og høg kompetanse av generell og strategisk karakter. Nye Øygarden kommune vil møte sterk konkurranse frå Bergen på relevant og solid kompetanse. Ei sentral lokalisering på Straume vil vere avgjerande for å kunne møte denne konkurransen. Til dømes var det våren 2019 berre 1 kvalifisert søkjar til stilling som prosjektleiar i byggprosjekt Fjell (ingeniør/prosjektleiar).

## 8.3. Organisasjon og digitalisering sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar.

Kva er viktig for Org.dig for å kunne vere fyrtårnet i ny kommune? Sentral lokasjon på Straume.

Tilsette i Organisasjon og digitalisering vil møte alle tilsette som må gjennom senteret for kompetanseheving m.m. Det vil med enkle grep vera mogleg å kome seg frå alle stader i kommunen ved bruk av kollektivtilbod eller bil.

Tett på sentrale samarbeidspartnarar som t.d. politisk leiing, rådmann, kommunalsjefar, næringsliv m.m. I tillegg bør Organisasjon og digitalisering ha ambisjonar om å bli ein aktør som bidrar til innovasjon i heile regionen, og kan difor trekke til seg fagpersonar/kundar frå andre kommunar som ønskjer lære vår måte å drifte innovativt og effektivt. Det vil då verta enklare å samarbeide med andre aktørar utanfor eige kommunegrense.

### *Rekruttering*

Satsinga på digitalisering vil føre til behov for ny og endra kompetanse. Organisasjon og digitalisering er eit område der fleire oppgåver og arbeidsområde kan verta vanskeleg å rekruttere til dersom det vert lokalisert andre stader enn sentralt på Straume.

Det skal etablerast eit godt fagmiljø på tvers som vil påverke rekruttering positivt dersom desse ulike fagmiljøa sit samla i eit bygg tett på kvarandre.

### *Oppsummering*

Alle delprosjekta spelte inn i prosessen om lokalisering at dei ønska heile Organisasjon og digitalisering samla på ein stad. Dei var også samd om at dersom noko skulle skiljast ut frå felles lokale så var dette dokumentsenter/arkiv og politisk service av praktiske årsakar.

I tillegg var alle samde om at kommunalsjefområde må vere lokalisert sentralt på Straume.

Det er viktig å vurdere HMS i prosessen med lokalisering av tenester. Spesielt vurdere ein ROS analyse på område som tradisjonelt har vore belasta av trugsmål og skadeverk. T.d barnevern.

Kommunalsjefområde treng å byggje ei **Vi** kjensle i organisasjonen. Vi må vere ein stad som er inviterande/imøtekommande, nyskapande og som har ein symbolsk effekt på det den nye kommunen skal halde på med.

## 8.4. Oppvekst sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar

### *Kommunepsykolog for barn og ungdom:*

Då psykologtenesta til barn og unge for tida berre utgjer fire personar er det viktig at dei i utgangspunktet held til sentralt i kommunen ved Straume helsesenter. Mykje av psykologane si verksemd er knytt opp til kurs, konsultasjonar og deltaking i tverrfaglege team. For å sikre god flyt i dette er det behov for ein felles base, samt lokaliteter som har både grupperom og samtalerom. I tillegg vil det verte lettare for psykologane og samarbeide med andre psykologar eller tverrfagleg med andre yrkesgrupper ved sentral samlokalisering på Straume. Når talet på psykologar til barn og unge i den nye kommunen er redusert samanlikna med tidlegare tilbod i dei tre kommunane, må ein også tenkje omorganisering slik at dei i større grad tilbyr kurs og rettleiing.

Ein vil då kunne nytte resursen til desse fire betre og det vil ikkje gå for mykje tid vekk til kjøring i arbeidstida, altså er det effektivt at dei er lokalisert på Straume. Når dette er sagt er det viktig at psykologane er mobile og ev. kan ha faste dagar ev. kurs mm. på Rong og Skogsvåg for at brukarnærleiken skal være enno meir ivaretatt.

Dei kan også gjerne sitte i kontorfellesskap med psykologar for vaksne slik at dei kan samhandle med desse og styrke fagkompetansen/utveksle idear mm, då aldersgruppa 18-23 vil vere ei gruppe som ein bør samarbeide om for å gi eit godt tilbod. Psykologane treng også eigne rom til samtaler dersom dei vært sittande i eit kontorfellesskap.

*Barnevern*

Sårbar ved oppsplitting og desentralisering. Samlokalisering med resten av oppvekst er viktig for å behalde og rekruttere fagfolk. Dette betyr at barnevern ønskjer seg inn i oppveksthustenkinga.

## 8.5. Helse og velferd sine vurderingar knytt til faggrupper/strategisk viktig kompetanse som kan vera vanskeleg å behalde/rekruttera, dersom det vert føreteke vesentlege lokaliseringsendringar

### 8.5.1. Heimetensta

Ved plassering av sone for heimetenester på Rong, kan det bli vanskeleg å rekruttera tilstrekkeleg med sjukepleiarar og andre høgskuleutdanna til region Nord, i tillegg til den demografisk utviklinga argumentert for tidligare.

I Fjell kommune har ein i dag utfordringar med å rekruttera sjukepleiarar til Ågotnes området. Dette kan ha med type arbeid å gjera, men vi vurderer at vi i framtida med sjukepleiemangel i mykje større grad må rekruttera sjukepleiarar frå Bergensregionen. Reisetid til arbeidsplass og kollektivforbindelse vert vurdert som viktige moment ved rekruttering av sjukepleiekompetanse.

Større kompetansearbeidsstader har også behov for å ha tett samarbeid om praksisplassar med høgskular, universitet og vidaregåande skular. Det er eit sterkt ynskje at heimetenestene skal ha mange elevar og studentar i praksis ved alle sonekontora. Ut frå erfaring i kommunane, er dette vanskelegare desto lengre ein ligg frå Bergen sentrum. Reisetid til arbeidsplass og kollektivforbindelse vert vurdert som viktig moment for å få dette samarbeidet på plass .

### 8.5.2. Menneske med nedsett funksjonsevne

Erfaring viser at alternative turnus (døgnturns) gjer at det er lettare å få riktig kompetanse også ute i distrikta.

### 8.5.3. Nav

Vi ser alt i dag at det er krevjande å holde på tilsette som bur i andre kommunar. Dette heng mellom anna samen med reisetid.

# Vedlegg: Delprosjekt vaksenopplæring

## Rapport Delprosjekt Vaksenopplæring

**Innleiing**

Ny kommune skal vera i drift frå 1.1.2020 med alle avgjerande element på plass. Vaksenopplæringa skal samlokaliserast då det er behov for eit større fagmiljø og meir homogene deltakargrupper for å sikre tilpassa opplæring og kvalitet på dei lovpålagte tenestene, også på tvers av einingane. Vi ser også at det er økonomiske, praktiske og pedagogiske fordelar ved ei slik samordning. Nærteneste-prinsippet skal leggjast til grunn for tenestene i Nye Øygarden kommune, og dette er tenkt ivaretatt ved at Flyktningtenesta og Vaksenopplæringa er lokaliserte i same sentrale område. I dette dokumentet inngår vidare planlegging av arbeidet mot ei felles Vaksenopplæring i nye Øygarden kommune.

**Samandrag**

Rapporten viser ein oversikt over dagens vaksenopplæring når det gjeld tenestestad, brukargruppe og bemanning i dei tre kommunane og kva som må vere i den nye samlokaliserte vaksenopplæringa. Vi har laga ein intern organisasjonsmodell med omsyn til leiartettleik og oppgåvefordeling, der vi viser til type stillingar og funksjonar som må vere i vaksenopplæringa. Vidare har vi definert behov for lokale og lokalisering, der nærleik til Straume og andre samarbeidspartnarar er særs viktig. Årsaka til dette er at dei vaksne deltakarane er avhengige av kollektivtransport og at samarbeidspartnarane til vaksenopplæringa må vere i gangavstand for elevar og tilsette. Ein har også sett på behovet på tverrfaglig samarbeid mellom Vaksenopplæringa, NAV og Flyktningtenesta og lagt inn kva Vaksenopplæringa meiner er naudsynt når det gjelder dette samarbeidet. Framdriftsplan for samordning og felles planlegging av tenestetilbodet vil halde fram til ein veit kva og kor den nye vaksenopplæringa skal husast. Vi har ein langsiktig visjon om at vaksenopplæringa skal ende opp i nye Sotra vidaregåande skule. Rapporten har vore informert om og er drøfta i alle dei tre vaksenopplæringane. På denne måten har vi sikra involvering.

**Oppgåver**

Her kjem oversikt over no situasjon og ønskt situasjon i Nye Øygarden kommune.

**Beskrive no situasjon med bakgrunn i kartlegginga:**

Tabellen synar ein oversikt over tenestestad, brukarar og bemanning i dei tre kommunane.

| Oppgåver | Fjell | Sund | Øygarden | Total |
|---|---|---|---|---|
| Tenestestad/lokale | Straume, Lieco bygg | Klokkarvik | Toftøy gml skule | |
| Tal brukarar | 166 | 45 | 24 | 235 |
| | | | | |
| Bemanning | 12,40 | 6,15 | 2,85 | 21,40 |
| Faste stillingar | 12,40* | 6,15** | 2,85 | |
| Vikarstilling | | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Prosjektstillingar | | | | |

*1,3 av dei faste stillingane er i dag lønna av helsemidlar frå Imdi, dette varierer
**0,8 av dei faste stillingane er i dag lønna av helsemidlar frå Imdi, dette varierer.

**Brukargrupper**

**Fjell:**

- Introduksjonsdeltakarar
- Andre Rett og Plikt deltakarar ifl Introduksjonslova
- Betalingselevar (norskopplæring dag- og kveldstid), privatistar og NAV
- Grunnskuleelevar Opplæringslova 4A-1 (ei eksamensretta gruppe og to grupper som får opplæring i grunnleggande ferdigheiter)
- Grunnskuleopplæring etter 4A-1 og 2: Spesialpedagogikk, logoped, syns- og audiopedagogikk

**Sund:**

- Introduksjonsdeltakarar
- Andre Rett og Plikt deltakarar ifl Introduksjonslova
- Betalingselevar, privatistar og NAV
- 5+5, arbeidsretta norskopplæring med praksis. Nokre av deltakarane er frå introduksjonsprogrammet, nokon er rett og plikt elevar, medan andre er innvandrarar som NAV kjøper plass til.
- Grunnskuleopplæring etter 4A-1 og 2: Spesialpedagogikk

**Øygarden**

- Flyktningar og innvandrarar i norskopplæring ( med/utan rett/plikt)
- Flyktningar i eksamensretta grunnskule og grunnleggande ferdigheiter(Ingen etnisk norske elevar fylgjer eller har fylgt grunnskule i Øygarden)
- Språkpraksiselevar(norskopplæring, grunnskule)
- Introduksjonsdeltakarar i permisjon i norskopplæring(nytt skuleåret 2018/2019)

**Oversikt over kva vi har og kva vi treng**

Oversikten under syner til funksjonar, stillingar og ressursar i Vaksenopplæringa i dag, samt behov VO i Nye Øygarden kommune

| Stillingar | Fjell | Sund | Øygarden | Sum | Behov i NØK | Innsparing |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rektor | 100% | 15% | 15% | 130 | 100% | 30% |
| Logoped | 100% | | | 100% | 100% | |
| Kontor | 100% | 20% | 10% | 130% | 50% | 80% |
| Lærar norskopplæring | 600% | 410% | 115% | 1125% | 1225% | 0 |
| Lærar grunnskule | 300% | | 85% | 385% | 385%<br><br>50% | 0 |
| Rådgjevar og programrådgjevar | 50% | 40% | | 90% | | 40% |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Avdelingsleiar | | 50% | 60% | 110% | 100% | 10% |
| Assistent | | 80% | | 80% | 100% | |
| Sum Årsverk | 1250 | 635 | 285 | 2150 | 2110 | 40% |
| Tilsette pr dags dato | 16 | 8 | 5 | 30 | | |
| Pr 1.1. 20 årsverk<br><br>Tilsette | 1250<br><br>13 | 600<br><br>6 | 300<br><br>3 | 2150<br><br>22 | | |

**Etter einingsleiar for ny Vaksenopplæring er på plass:**
Når ny einingsleiar var på plass har vi vurdert intern organisasjonsmodell og dimmensjonering. Dette med omsyn til leiartettleik og oppgåvefordeling. En har også sett på behovet for kva for lokal ein treng samt lokasjon for vaksenopplæringa.

**Vurdere intern organisasjonsmodell (og dimensjonering) med omsyn til leiartettleik og oppgåvefordeling**
Dette er dimensjonering som står i forhold til behov i nye Øygarden vaksenopplæring og elever når det gjeld leiartettleik og oppgåvefordeling. Dei fleste av lærarane skal og ha funksjon som kontaktlærarar. Før fysisk samanslåing vil avdelingsleiarane ha ansvar for dagleg drift i dei tidlegare lokala i Sund og Øygarden. Våren 2020 vil vi parallelt med tilpassing/utviding av lokala ha ein intern prosess på ansvars- og oppgåvefordeling i den nye Vaksenopplæringa. Tilleggsfunksjonar for lærarar, som til dømes rådgjevar, IKT-ansvarleg, prøveansvarleg o.l må også drøftast i den nye leiinga.

Me ser fram til, og håpar på, at samlokaliseringa er vorte realitet pr 01.08.2020.




**Definera behov for lokale og lokasjon**

**Vaksenopplæring sitt lokal i dag og ønskje om vidare lokasjon**
Vaksenopplæringa er i dag delt i 3 lokale. Øygarden vaksenopplæring er lokalisert i Toftøy gamle skule og Sund vaksenopplæring er lokalisert i Sund skule på Klokkarvik. Lokale som Fjell vaksenopplæring disponerer er i Lieco-bygget på Straume.

VO skal slåast saman og det er eit sterkt ynskje og behov for at den nye eininga vert lagt til Straume området slik det er i Fjell i dag. Fjell Vaksenopplæring er i dag svært godt tilpassa brukarane, både med tanke på nærleik til kollektivtransport og i høve til tilpassing til menneske med ulike funksjonsnedsetjingar (t.d heis og handikaptoalett). Fjell vaksenopplæring er i tillegg ideelt lokalisert i høve til Kraftsenteret (programrådgjevarar i Introduksjonsprogrammet og helsetenester for flyktningar) og NAV. Det er mogeleg å utvide/tilpasse dei eksisterande lokala til ei større eining etter kommunesamanslåinga. Det er dette vi tek utgangspunkt i når vi definerer behov for framtidig lokale. Dersom dette ikkje let seg gjere må ein finne passande lokale i same område. Det byggast no ei kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune og vi ser også at det beste på sikt er at Vaksenopplæringa ligg i den nye Sotra vidaregåande skule.

**Behov for rom: Vaksenopplæringa**
Under har vi sett på kva rom som ein treng i den samanslåtte vaksenopplæringa, samt laga kolonne for kva Fjell Vaksenopplæring har i dag. Svart skrift gjeld tilsette, blå skrift gjeld rom ein må ha til elevane.

| Rom tiltenkt tilsette | Fjell VO i dag | Rom tiltenkt elever | Fjell VO i dag |
|---|---|---|---|
| **Resepsjon og 6 kontor i administrasjonsdel til: Einingsleiar, 2 avdelings-leiarar, merkantil, logoped, rådgjevar/prøveansvarleg** | **Resepsjon + 4 kontor** | 10 klasserom (20-25 elever) etter dagens standard | 5 klasserom |
| **Kopirom 10-12m$^2$** | **2 m2** | 5 grupperom ( 8-10) | 2 grupperom |
| **Garderobe og dusj til tilsette, mann og kvinne** | **-** | Toalett for elevar, ca 235 elevar<br>Dame, herre, tilrettelagt for funksjonshemma | 3 toalett |
| **18-20 arbeidsplasser for tilsette i undervisning** | **10 arbeids-plassar** | Fellesareal «vrimlerom» | Bør utvidast med fleire sitteplassar |
| **Lager minimum 20m$^2$** | **8-10 m2** | Kantine for elevar (moglegheit for praksisplassar i framtida). | |
| **Pauserom og kjøkken for tilsette til minst 25 tilsette.** | **ok** | Våtgarderobe for elevar | |
| **2-3 møterom** | **1 møterom** | Heis | ok |
| | | | |

**Definera behov for tverrfagleg samarbeid mellom VO, NAV og Flyktningtenesta**
I den nye kommunen vert Flyktningtenesta ei eiga eining, og arbeidsgruppa for desse tenestene ser på behovet for samarbeidsavtalar og tverrfagleg samarbeid knytt til Helse.

Flyktningtenesta er no definert inn under helse og vi har dermed ikkje sagt noko om samarbeidet med Helse då det no er naturleg at flyktningtenesta definerer og ivaretek dette samarbeidet.

Samarbeidet vi viser til under tek utgangspunkt i Introduksjonslova og rundskriv G-27/2017 frå Arbeids- og velferdsetaten.

Hovudmålsetjing: Få flyktningar raskast mogleg ut i ordinært arbeid eller utdanning

## KVEN BØR HA ANSVAR FOR KVA

**Flyktningtenesta har hovudansvar for**

- Busetting av flyktningar og informasjon om rettar og plikter knytt til busetting.
- Legge inn individuell plan med full historikk i sine fagsystem
- Fatte vedtak: knytt til deltaking i introduksjonsprogram som gjev grunnlag for utbetaling av introduksjonsstønad (§ 2 a - d) , og gjere enkeltvedtak som er knytt til deltaking i programmet jf. (§ 21 a-d).
- Identifisere så tidleg så mogleg deltakarar med kompetanse som er etterspurt i arbeidsmarknaden og som er aktuelle for hurtigspor.
- Førebu for deltaking i arbeidslivet, saman med vaksenopplæringa.
- Særskilt i høve til språkpraksis:
  Ansvar for å skaffe språkpraksisplassar og arbeidstreningsplassar og saman med VO samarbeide om å følgje opp pedagogisk.

Programrådgjevarane og tilsette på vaksenopplæringa har behov for eit tett samarbeid opp mot brukarane( elevene).

**Generelle oppgåver / ansvar i flyktningtenesta eller NAV:**
Informere om arbeidsmarknaden, og ha oversikt over og starte aktuelle verkemiddel / arbeidsmarknadstiltak.

Etter søknad vurdere moglegheiter for ytingar etter Lov om sosiale tenester i NAV for flyktningar som har rett og plikt etter introduksjonslova (§ 8.2.2).

NAV har ansvar for å koordinere samhandling mellom involverte partar når det gjeld søknad om helsemidlar.

NAV/Flyktningkonsulent koordinerer samarbeidet med aktuelle instansar for dei av deltakarane som treng spesiell tilrettelegging for å kunne delta i programmet (jf. §§§ 3.4 og 4.11 og 4.1.2).

Oppretting av ansvarsgrupper/tverrfagleg team og godkjenning av tiltaksplassar.

**VAKSENOPPLÆRINGA (VO) har ansvar for:**
Introduksjonslova som skal gje grunnleggjande kunnskapar i norsk og samfunnsliv med inntil 600 timar, som kan utvidast med 2400 timar dersom den einskilde flyktning har behov for det.

Gje info og rettleiing til den einskilde deltakar i programmet om moglegheiter for arbeid og aktivitet.

- Saman med NAV førebu for deltaking i arbeidslivet
- Kartlegge bakgrunn, vurdere opplæringsbehov ved busetting og kva tiltak vedkomande kan nyttiggjere seg av (introlova § 6).
- Skrive individuell plan med deltakaren og rettleie og følgje opp arbeidet med planen i samarbeid med deltakaren og andre instansar (jf. § 6).
- Registrere vedtak, tiltak og fråvær i Nasjonalt registreringssystem. (NIR)

- Utarbeide endeleg deltakarbevis etter avslutta program

## Samarbeid Flyktningtenesta, NAV og vaksenopplæringa:

Leiarmøte:

Minimum ein gong per år skal det vere møte mellom einingsleiar for vaksenopplæringa, einingsleiar for NAV og einingsleiar for flyktningtenesta.
Rådmannsnivået og/eller andre aktuelle einingsleiarar kan kallast inn ved behov.

**Formål**:

- Evaluering av samarbeidsavtalen.
- Eventuelle avklaringar som må gjerast på overordna nivå.
- Diskutere felles strategi i høve til ulike sider av arbeidet med flyktningar.

**Trekantsamtalar/ fellessamtalar:**

Vert gjennomført ein gong i halvåret av flyktningtenesta saman med Vaksenopplæringa, deltakar og NAV ved behov, men alltid i sluttfasen av programmet.

**Formål:** Sikre heilskapleg oppfølging av flyktningar frå flyktningtenesta, NAV og Vaksenopplæringa, gjennom lovpålagt evaluering av individuell Plan.

Vert gjennomført av flyktningtenesta saman med Vaksenopplæringa, NAV og deltakar ved behov, men alltid i sluttfasen av programmet.

**Formål**: Sikre heilskapleg oppfølging av flyktningar frå flyktningtenesta, NAV og Vaksenopplæringa.

- Flyktningar i introduksjonsprogrammet: Skal gjennomførast med alle flyktningar i introduksjonsprogrammet minst ein gong i halvåret.. Når det er føremålstenleg, skal ein be om bistand frå NAV TIM. Før introduksjonsprogrammet vert avslutta, skal det gjennomførast ein fellessamtale med NAV TIM om plan for oppfølging etter avslutta program.
- For flyktningar som er ferdig med introduksjonsprogrammet, vert det gjennomført fellessamtalar med deltakarar, NAV og VO etter behov.

**Framdriftsplan for samordning og felles planlegging av tenestetilbodet**

Arbeidsgruppa i flyktningtenesta tek seg av framdriftsplanen ifht implementering av Visma

Samlokalisering for Vaksenopplæringa ser vi for oss blir ved oppstart august 2020. I dag er vaksenopplæringa i eigne bygg i kvar sin kommune. Det er pr dags dato ikkje plass til alle i eit av dei eksisterande bygga som dei tre vaksenopplæringane er i. Arbeidsgruppa er likevel tydeleg på at lokale som Vaksenopplæring skal vere i må vere sentralt og i gangavstand med dei tenestene ein samarbeider med.

Arbeidsgruppa i Vaksenopplæringa har hatt faste møtedagar annan kvar torsdag med start 25.04.19 fram til sommarferien og med oppstart 29.08 etter ferien, der ein har jobba med rapporten og ulike problemstillingar. Det har og vore planleggingsdag der alle Vaksenopplæringane i dei tre kommunane var samla til felles workshop.

Arbeidsgruppa ser for seg at planleggingsdag i november skal vere felles med Fjell, Sund og Øygarden. Dei resterande planleggingsdagane på våren blir også felles for vaksenopplæringa i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, delvis eller heile. Vi ser for oss at ein også må ha felles opplæring i Visma vaksenopplæring. Vi ser samstundes utfordringar med vidare planlegging, når ein ikkje har noko bygg å planlegge flytting til. Dette må vi kome tilbake til etter 30.10.19, når lokalisering er klar. Det kan og oppstå problem dersom dei eksisterande vaksenopplæringa sine samarbeidspartnarar flyttar midt i skuleåret. Dette må ein også kome attende med etter 30.10.19.

**Informera og involvera tilsette, i samarbeid med tillitsvalde**
Tillitsvalte har vore med i gruppa og har informert ut til dei tilsette om arbeidet som er i gang.

Rapporten har vore informert om og er drøfta i alle dei tre vaksenopplæringane. På denne måten ha vi sikra involvering

**Deltakarar**
Prosjektleiar: Vibecke Hodnekvam Hovudtillitsvalt Utdanningsforbundet Øygarden
Prosjektdeltakarar:

- Karin Hansen frem til 01.08.19, Avdelingsleiar Øygarden Vaksenopplæring,
  Ragnhild Breivik frå 01.08.19, Avdelingsleiar Øygarden Vaksenopplæring
- Sølvi Fjeld Bjorøy, Rektor Sund vaksenopplæring
- Cecilie Fagerbakke, Avdelingsleiar i Sund Vaksenopplæring
- Nina Håvik Pettersen, Rektor Nye Vaksenopplæringa
- Hallgeir Dale, Tillitsvald, Sund
- Reidun Irene Sangolt, Tillitsvald Fjell

# Oppvekst – organisering og lokalisering




**Oppvekst i Øygarden har ansvar for skular, barnehagar, vaksenopplæring, PPT, barnevern, barn, unge og familietenester (BUFT), om lag 1250 tilsette.**

Intensjonsavtalen si omtale av strukturen på barnehage og skuleområda:

*«Gjeldande skule – og barnehagestruktur vert vidareført. Nye barnehagar skal tilpassast befolkningsveksten slik at nærleik til tenestene og effektiv drift vert sikra»*

**Organisering av vaksensopplæringa (VO):**
Delprosjektet tilrår ei samlokalisering av tenesta i Straumeområdet. Det vil gjere at:

- Tenesta blir meir robust og effektiv, ein får eit større fagmiljø og meir homogene deltakargrupper.
- Ein sikrar tilpassa opplæring og kvalitet på tenestene og på tvers av einingane. Deltakarane er avhengige av kollektivtransport og samarbeidspartnarane til vaksenopplæringa må vere i gangavstand.
- Må lokaliserast nær flyktningetenesta

**Dimensjonering , organisering og lokalisering av dei tenestene som er definert som berørte:**
Desse tenestene er barnevern, PPT, og BUFT, og dei skal ha i seg både element av desentralisering og sentralisering.
Det er viktig for desse tenestene at dei får utvikle seg i eit samlokalisert fagmiljø, som bidreg til kvalitetsutvikling, tryggleik hos tilsette og til å behalde og rekruttere fagfolk.
Helsetenester for barn og unge er ein sentral del av BUFT. Helsestasjonane på Straume, Ågotnes, Rong og Skogsvåg vert vidareført med dei lokasjonane som vert brukt i dag.
Organisering av BUFT vert ei nyvinning i den nye kommunen:

- Ei fysisk samlokalisering av PPT, barnevern og BUFT i eit OPPVEKSTHUS.
- Lokasjonen må vere sentralt i Straumeområdet.
- Øygarden sin erfaring frå Familienshus med ei samordna teneste for barn og unge blir viktig når ein skal utvikle innhald og metodikk i den nye tenesta.

Argumenta for ei slik organisering og sentral lokalisering er mange:

- Landsomfattande tilsyn med kommunale tenester viser for liten grad av samhandling og koordinering.
- Effekten av å vere samlokalisert er at tilsette får lettare tilgang til kvarandre sitt arbeid, og kan involvere seg i andre sine oppgåver og kome med framlegg til løysingar.
- Studier viser at ein ein ved samlokalisering oftare deler kunnskap, og er meir effektive i intern koordinering enn team som ikkje er samlokaliserte.
- Ei samlokalisering i eit OPPVEKSTHUS er ein modell som skal bidra til samhandling og samskaping, betre utnytting av fleirfaglegheit, og heilskaplege tenester for barn og unge
- Brukarperspektiv - ei dør inn, tenester nær kvarandre, jamfør konklusjonar i StimuLab
- Lokalisering i Straumeområdet vil gjere at ein stor andel av brukarane av tenesta får ein enkel fysisk tilgang til teneseta utan å vere avhengig av biltransport
- Nærleik til 2.-linetenester, til dømes BUP og DPS
- Døgnope/ Barnevernsvakt – nærleik til politi og legevakt
- Samordne ressursar og tiltaksarbeid for ungdom

Sjølv om ein har målsetting om samlokalisering av tenestene i eit OPPVEKSTHUS, har vi ein klar målsetting om at desse tenestene skal ha i seg eit element av desentralisering. Tenester nær brukarane inneber at fagfolka skal yte tenester ut i hele kommunen, i skular og barnehagar, og møte innbyggjarane der dei bur. Tenestene skal halde fram den positive utviklinga med systemarbeid og rettleiing ute i skular og barnehagar.

**FJELL KOMMUNE**

Fjell kommune

Dato: 07.10.2019
Vår ref.: 2019/356 - 31474/2019
Ark.kode: 012

# Notat

## Gjeld: Innspel frå hovudtillitsvalde - til sak om Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune

På møtet i partsamansett utval 07.10.2019, under behandling av sak 14/19 *Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune*, vart det lagt fram følgjande innspel frå dei hovudtillitsvalde. Partsamansett utval vart samde om at skrivet skal følgje saka vidare til fellesnemnda som nytt vedlegg:

Til sak 14/19 PSU 07.10.2019.

Samla rapport steg 2:

- Punkt 7.3.1. «**Tillitsvalde**»:
- Omstillingsavtala punkt 5 seier at «*ingen av organisasjonane skal ha mindre frikjøp enn kva ein samla har i dei tre kommunane i dag*». Det er difor rimeleg å anta at det vil verte meir enn 10 personar.
- Kontorlandskap er ikkje ei god løysing i høve til medlemsoppfølging og teieplikt. Tillitsvalde må ha eigne kontor.

Saksframlegg, Vurdering, Tabell 1: Forslag til lokalisering:

- Helsestasjon for ungdom bør vere lokalisert i alle kommunedelsentre. Det vil sikre nærteneste for desse innbyggjarane.

- VO-flyktningetenesta og BUFT-helsestasjon for flyktningar er i forslaga lagt til Straume. Særs viktig at det vert eit godt tilbod for denne sårbare gruppa.

- Heimetenesta Nord må leggjast til Rong for å ivareta intensjonsavtala.

*Signert hovudtillitsvalde:* Nina Zandstra, Cathrine Olsen, Vibecke Hodnekvam, Bodil Aleksandersen, Solveig Rong, Hildegunn Høyland.

Postadresse: Postboks 184 5342 STRAUME
Besøksadresse:
Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no
Bankkonto: 5261 05 00013
Bankkonto for skatt og avgift:

Til

fellesnemnda Nye Øygarden kommune

**Til sak 14/19 Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune – prinsipp for innbyggjartorg, brukarnære tenester og tenester som kan sentraliserast.**

I møtet for partsamansett utval 07.10.19 leverte arbeidstakarrepresentantane i utvalet inn vedlegg til sak 14/19.

Grunna ny informasjon om vurdering kring lokalisering av helsestasjon for ungdom ønskjer vi å stryke dette punktet frå det innleverte vedlegget.

Helsing

| | | |
|---|---|---|
| Solveig Rong | Bodil Aleksandersen | Nina Zandstra |
| HTV Fagforbundet Øygarden | HTV Fagforbundet Fjell | HTV Utdanningsforbundet Fjell |
| Cathrine Olsen | Vibecke Hodnekvam | Hildegunn Høyland |
| HTV Utdanningsforbund Sund | HTV Utdanningsforbundet Øygarden | HTV Fagforbundet Sund |

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Arkiv: | 022.3 |
| Saksmappe: | 2017/5610-31149/2019 |
| Sakshandsamar: | Jarle Kåre Oen |
| Dato: | 02.10.2019 |

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 57/19 | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 09.10.2019 |

## Øygarden Bustadutvikling KF - innspel frå interimstyret til endring av vedtektene

**Samandrag av saka:**

**I denne saka legg rådmann fram sak om endring av vedtektene for Øygarden Bustadutvikling KF etter innspel frå interimstyret. Innspelet er at det nye føretaket også må forvalta alle dei privat innleigde bustadane der kommunen har tildelingsrett. I vedtektene slik dei no ligg føre, er det berre dei eigde bustadane det nye føretaket skal forvalta. Prosjektrådmannen har ikkje innvendingar mot forslaget.**

**Innstilling:**

Fellesnemnda vedtek at følgjande setning i § 3 første avsnitt i vedtektene for Øygarden Bustadutvikling KF skal lyda:

*«Føretaket står også for formidling og drift av utleigebustader som er i Øygarden kommune si eige og leige».*

Straume, den 02.10.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

**Dokument vedlagt saka:**

- Offentleg protokoll frå interimstyret 9. september 2019

**Saksopplysningar:**

Bakgrunn for saka

I 17.06.2019 vedtok fellesnemnda vedtekter og mandat for eit interimstyre som skulle arbeida fram opprettinga av føretaket Øygarden Bustadutvikling KF.

Interimstyret gjorde slikt vedtak i møte 9. september 2019:

*Interimstyret vil retta ein førespurnad til fellesnemnda om § 3 i vedtektene skal endrast til også å omfatta dei innleigde bustadane (som kommunane ikkje eig). Dette inneberer oppfølgjing av dei private bustadane m.o.t. ivaretaking, formidling og kontraktskriving m.m.*

Registrert bustadportefølje

Interimstyret er no godt i gong med sitt arbeid og har hatt fire møter per. 4. oktober (når fellesnemnda handsamar denne saka.) Det er tilsetting av ny dagleg leiar som har vore hovudprioritet i arbeidet fram til no. Styret kom til, etter ein grundig prosess, at ingen tilsette i dei tre kommunane inkl. Sund Eigedomsutvikling KF hadde rettskrav på stillinga. Stillinga som dagleg leiar i det nye føretaket Øygarden bustadutvikling KF er no lyst ut internt i ei tre kommunane og i Sund Eigedomsutvikling KF.

Interimstyret har gått gjennom bustadporteføljen for alle dei tre kommunane:

| **KOMMUNE** | **Innbygg-jarar-antal *** | **Prosentvis andel av totalen** | **Eigd bustadar + private/ andre** | **Portefølje-antal husvære totalt** | **Prosentvis andel Eigde husvære** | **Prosentvis andel av total andel husvære eigde + privat innleigde** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fjell | 26.222 | 68,65 % | 147 + 243 | 390 | 48,67 % | 67,94 % |
| Sund | 7.096 | 18,58 % | 108 + 12 | 120 | 35,76 % | 20,91 % |
| Øygarden | 4.880 | 12,78 % | 47 + 17 | 64 | 15,56 % | 11,15 % |
| NØK | 38.198 | 100 % | **302 + 272 | 574 | 100 % | 100 % |

* per 30. juni 2019
** Det er totalt 302 kommunalt eigde husvære og 272 private, innleigde som kommunane disponerer – til saman 574 husvære i dei tre kommunane

Kva kan me lesa ut av tabellen?

- Fjell har den største porteføljen samla, godt over 2/3- delar (67,9 %)
- Fjell har også den største andelen av avtalar med private der Fjell Bustadstifting er hovudleverandør – 243 husvære. Sund/ Øygarden har avtalar om 27 private bustadar
- Sund + Øygarden har under ein tredjedel av den samla bustadmassen (32%)

